



Vadset bru. Som har bunde saman Haram og Skodje i snart 140 år.

KULTURMINNEPLAN FOR HARAM 2020-2024



Stongå-smia eller Stongnes Mekaniske på Fjørtofta

Kultur er et helt samfunns identitet, det er ryggraden i et folk.

Tor Åge Bringsværd

Innhold

Del 1	4
1.Føreord	4
1.1 Samandrag	5
1.2.1 Fjørtoft	5
1.2.2 Flemsøy/Skuløy	5
1.2.3 Haramsøy	6
1.2.4 Lepsøy	6
1.2.5 Brattvåg med Hildre	6
1.2.6 Gamle Vatne kommune	6
1.2.7 Søyvik sokn	7
2. Mål og rammer for planarbeidet	7
2.1 Innleiing	7
2.2 Arbeidsgruppe	8
2.3 Føremål med kulturminneplan	9
2.4 Hovedmål i Haram	9
2.4.1 Delmål i Haram	10
2.4.2 Informasjon og medverknad	10
2.5 Om rammene for planen, val av plantype	10
2.5.1 Temaplan	11
2.5.2 Som tema i kommuneplanen	11
2.5.3 Som kommunedelplan for kulturminne	11
2.Kulturminne og kulturhistorie i Haram kommune	12
3.1 Haram si historie	12
3.1.1 Jegarar og sankarar	12
3.1.2 Haram	12
3.1.3 Tidleg Isfri	13
3.1.4 Spor etter menneske	14
3.1.5 Eldgamle spor	14
3.2 Ulike tidsepokar	15
3.2.1 Eldre steinalder (9000-3200 år før Kr)	15
3.2.2 Yngre steinalder (3200-1800 før Kr)	17
3.2.3 Bronsealder (1800-500 år før Kr.)	17
3.2.4 Jernalder (500 år før Kristi fødsel – 1030 år etter Kristi fødsel)	17
3.2.5 Mellomalder (1000-1537 etter Kr)	17
4.Nyare tid (1537 – i dag)	18
4.1 Kyrkjelova av 1851	18
4.2 Skule	18

4.3 Jordmorgjerdet.....	19
4.4 Industrien og Mekanieringa.....	19
4.5 Kommunikasjonar.....	19
4.6 Møbelindustri i Haram.....	19
4.7 Krigen	20
4.8 Fiskeoppdrett.....	20
4.9Nordøyvegen sluttar sirkelen.....	21
5.Aktuelle kulturminne i Haram.....	21
5.1Innleiing	21
5.1.1 Kunnskap –og kjeldeverdi (objektiv verdi)	22
5.1.2 Opplevingsverdi (subjektiv verdi)	22
5.1.3 Bruksverdi	22
5.1.4 Avgrensing.....	22
5.2 Fjørtoft	23
5.3 Flemsøy/Skuløy.....	24
5.4 Haramsøy	25
5.5 Lepsøy	26
5.6 Brattvåg med Hildre.....	27
5.7 Vatne –og Tennfjordområdet (Gamle Vatne kommune)	28
5.8 Hamnsund sokn	31
5.9 Statuar, relieff m.m.	34
6. Kjelder	36
7. Ord og omgrep brukt i kulturminnevernet	36

Del 1

1. Føreord

«Med kulturminne meiner ein alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Med kulturmiljø meiner ein område der kulturminne inngår som del av en større heilskap eller samanheng.»

Dei aller fleste spor etter menneska blir borte. Riksantikvaren har lenge hatt som mål at ikkje alt må gå tapt. Vi må ha att litt så dei som kjem etter oss veit kven dei var, dei som levde og strevde før dei. Snart blir Haram kommune borte som administrativ eining. Ålesund kommune oppstår, og dagens kommune blir delt i fire kommunedelar.

Derfor er det kanskje fem på tolv med ein kulturminneplan i ei av dei mest spennande, men lågmælte kommunane langs kysten vår. I arbeidsgruppa har vi tenkt første generasjon plan og vi har tenkt lettlest. Dei som søker ein fagleg supertung plan med noter og referansar i hopetal, må nok vente til neste generasjon plan.

Det kan skrivast mykje om topografien og om geologien i Haram, om vêrlaget, om fauna og flora og om ei kulturhistorie som har gitt bøker på bøker, og som sikkert vil føre til mange nye. Arbeidsgruppa ventar spent på gards- og ættesoga for øyane våre og for Brattvåg. Når dei bøkene er ferdige, er i alle fall gards- og ættesoga i Haram og ein del av kulturhistoria vår samla mellom stive permar. Kulturminna våre er viktige kjelder til forståing av historia, egne røter og identitet. For at flest mogleg av innbyggjarane i fylket skal få kjennskap til historia si, knyte kontakt til røtene sine og oppleve sterk lokal identitet er kjennskap til kulturminna rundt oss viktig. Aakre bedehus vart opna på Sunnmøre Museum i 2019, og det vart sagt at dette var den første bygninga frå Haram som kom dit. Men eit årtringsnaust vart flytta frå Holmeset til Sunnmøre Museum og sett opp der i 1988. Dette var truleg den første bygninga frå Haram som vart flytta til museet vårt.

Då vi starta arbeidet med kulturminneplanen, tenkte vi oss ei oversikt over alle kulturminne i Haram. Det er vel ambisiøst, men vi trur vi har kome over nokre viktig objekt spreidd rundt om i kommunen vår. Lista over kulturminne er ikkje komplett eller utfyllande, men vi vonar at denne første kulturminneplanen skal vere ein dynamisk plan som både fangar opp nye objekt og som kan endre vurderingane av kva som til ei kvar tid skal ha lokal, regional og nasjonal verdi.

Rulleringar av planen med visse mellomrom er difor naudsynt og det må vere rom for å legge til og kanskje trekkje frå. Det er gjennom vedteken handlingsplan vi gjennomfører planen. Planen vil bli lagt til grunn for anna kommunal planlegging.

Vi har mange å takke for hjelpa. Nokre få skal nemnast med namn: Håkon Bjørnøy og Oddvar Urkedal, i sogelaget for Hamnsund sokn, Beate Amalie Kjerstad og Magne Kjerstad på vegne av fleire på Lepsøya, Per Bjørkevoll i Vestrefjorden og Liv Longva Nilsen på Fjørtofta.

Haram 24. juni 2019

Arbeidsgruppa for kulturminneplan i Haram

Julianne H. Aakre

Norvald Lausund

Edel Tolås

Sindre Rogne

Kåre Vatneødegård

Per Hånes

Elin-Grete Vatnehol

Arnt-Ove Tenfjord

1.1 Samandrag

Dei kulturminna som arbeidsgruppa meiner har peika seg ut, samla sett, skal kunne vere representantar for Haram si historie og fortelje historia om dei som har budd her. Detaljar og grunngjeving kjem vi attende til utover i planen.

Av og til må vi som steinhoggarar løfte blikket og bli mint om at vi saman med andre er med å byggje ein fin katedral. Historia innanfor grensene til dagens Haram, er ei historie i lengde, breidde og djupne som få andre. I Hamnsundhellaren har ei eiga tidsperiode fått sitt namn (Hamnsund interstadial).

Lat så vere at andre har vore flinkare å løfte fram si historie. Vi byrjer reisa i vår lokale historie, med det siste: I juni 2019 reiste det fjerde fiks ferdige cruiseskipet frå Vard Søviknes. Ingen andre verft i verda har nokon gong klart å levere fire slike skip på eitt år. Det er knapt nemnt i media. I fjor sommar var 1.400 menneske innom portane der kvar dag, dei fleste leigearbeidarar. Klynga rundt Søvik og den ånd og atmosfære som herskar der i dag og den historiske utviklinga deira som t.d. Nogva, gjer at arbeidsgruppe tenkjer seg at der bør eit framtidig museum med vekt på det maritime ligge.

Lokal forankring er rett og det er viktig. Likevel må det faste planar og ferske midlar til om kulturminnevernet i Haram skal ha noko for seg. Når vår kommune skal brytast opp i fire kommunedelar, er dette eit stort spenningsmoment. Kva kan så dette brukast til? Det kan ende opp i ei skuffe. Riksantikvaren har tankar om det:

«Lokalt kulturminnearbeid - demokrati i praksis

- Å flytte definisjonsmakten til kommunen er et skritt i riktig retning for medbestemmelse og lokal forankring
- God lokalsamfunnsutvikling med kulturminner som ressurs og premiss
- Økt lokalt engasjement, styrket bevissthet og kunnskap
- Setter kulturminner og kulturmiljøer på den politiske dagsorden
- Bedre kommunal kulturminneforvaltning, effektiv planprosess; tidlig og tydelig
- Styrker kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative beslutninger
- Skaper forutsigbarhet for forvaltning, eiere og utbyggere» (Riksantikvaren på eit seminar om kulturminne på Molde 20. 02. 2019)

1.2.1 Fjørtoft

Fjørtofta er eit eldorado for dei som er interesserte i kulturminne. Det bør gjerast meir kjent og gjerast lettare å oppsøkje og la seg opplyse. Kreftene bak PD-samlinga og Otterlei skule har slike tankar og er drivande. Dei bør ein stø opp under og byggje vidare på. Her var i si tid samla det største trålmiljøet i Noreg, og her er blant dei eldste spor etter menneske vi kjenner til i vår del av landet. Arbeidsgruppa er urolige for alt som er samla i Vågholmbua, fordi lagringa over tid ikkje er optimal. Kan det gjerast i samarbeid med t.d. Otterlei-skulen eller Stongasmiå? Eller ved å samla det i eit maritimt museum?

Kulturminne	Gards og bruksn.	Type minne	Eigar
Petter Dyrkorn samlinga	4/15	Museum	Ligg i kjellaren på Ottarleiskulen
Otterlei skule	4/15	sefrak	

Marsteignes/Fjørtoftbåten	3/25 -20164	Gravminne	Utstilt på sunnmøre museum
Stongnessmiå	3/20	Maritim Industri	
Bryneberget	3/136	Landbruk	
Vågholmbua	3/136	Anna, lause enkelt kulturminne	

1.2.2 Flemsøy/Skuløy

Flemsøy/ Skuløy har ei rik og stolt historie. Særleg knytt opp mot Storeggafunnet og fruktene av det nedetter hundreåra, men dei er også forma av si historie med personlegheiter som har hatt ei stemme i samfunnsdebatten.

Kulturminne	Gards og bruksnum	Type minne	Eigar
Minnestein over Thomas Longva	8/7	Fiskeri- fant storegga	
Gunnabuda	8/7	Fiskeindustri	M. Krogsæter
Minnestein over Olaus Fjørtoft	6/3 i byte med 6/4	Fiskeri	
UL-Fram	7/36	Forsamlingshus- kultur-frivillighet	Haram kommune
Samling av maritim industri	8/140 er på gard 8/24	Samling av maritim industrihistorie, samlinga ligg der bedrifta Peilo starta	Oddvin Longva
Urakøyla	Gardsnummer 5	Første busetting i Ura, to busettinger på 1600-tallet	Fleire

1.2.3 Haramsøy

Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Naustrekkja på Ulla og kulturmiljøet på Ulla er begge regulert til bevaring, og er med i regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Ullahammaren er reguleringsbevart handelsstad som ein del av kulturmiljøet på Ulla. Ulla fyrstasjon frå 1800-talet tredje kvartal, er vedtaksfreda etter kulturminnelova.

Her bør det inn ei større verne- og omsynssone, og dette bør vere Haram sitt framlegg som spesielt kulturlandskap i den planen som heiter Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA) i Møre og Romsdal.

Tenk for ein attraksjon det kunne bli, om ein bygde opp att ei stavkyrkje på Haram, slik som ein veit stod her.

Kulturminne	Gards og bruksnr.	Type minne	Eigar
Ullanausta	10,5,10/9, 10/1, 10/4, 10/7, 10/6, 10/82	Kystkulturmiljø	Fleire
Ullahammaren og Ulla		Kystkulturmiljø	
Haram Kyrkje på Austnes	11/82 og 195	Kyrkje og gravplass	Haram Sogenemd og sogestyre
Tusenårsstaden	Gardsnummer 14	Kyrkje og gravplass	
Vestre Orgelfabrikk	11/399	Industri	

1.2.4 Lepsøy

Lepsøy har til liks med dei andre øyane i Haram, ei rik historie. Dei har laga ein unik tursti rundt øya og slik dokumentert og gjort stadar og hendingar kjent. Arbeidsgruppa meiner at heile turstien rundt Lepsøya frå Hellevik til Rønstad fortener plass i ein slik plan. Både for å støtte opp under det lokale arbeidet, men også ved å gjere det til eit føredøme for andre. Også her er det viktig å byggje vidare på det som er godt i gang og vel drive.

Kulturminne	Gards og bruksnum	Type minne	Eigar
Kultursti	Startar i Hellevika og endar på Rønstad	Samling av 30 ulike kulturminne Kulturminneløype	
Prestegarden	17/120	Kyrkje/landbruk	Norsk Luthersk Misjonsselskap
Moenmuseet	17/120 i kjellaren på prestegarden	Museum av gjenstandar frå 50-70 talet	Frivillig organisasjon/stiftelse

1.2.5 Brattvåg med Hildre


Vassrenna i stein på hilødre blei brukt til å føre vatn til tresking og kvern på Alvestadreiten.


Brattvåg er spennande fordi ein nærmast dagleg kan vandre rundt i ei over 100-år gamal tettstad- og industrihistorie. Husa og tuna og minna står der og vitnar om at denne staden har vokse fram rundt eit hjul som skapte elektrisk kraft. Men dette samfunnet er også så mykje meir. Det har vore ein smeltedigel for kortreiste og langvegsfarande gjestar heilt sidan 1911, og det har vore.

Kulturminne	Gards og bruksnum	Type minne	Eigar
Vassrenne i stein	26/9	Landbruk	
Jordkjellar	23/6- røvereiten	Landbruk	
Dampskipkai	25/1 og 25/3	Ferdsel	Aarsund Else Helene
Røra frå Synnalnds-vatnet til Brattvåg sentrum	28/830	Industri	Aarsund Else Helene
Vasshjulet	28/173 Vasshjulet utanfor v Brattvåg Vassverk		
Skjelt-lver-huset	29/2 SEFRAK		
Tennøbuda	28/94		
Gamle realskulen	28/34 Her er lagra mange lause kulturminne		

1.2.6 Gamle Vatne kommune

Gamle Vatne kommune strekkjer seg frå Engesetdalsvatnet til Baraldsneset og Samfjorden, frå Eik til og med Slyngstad. Det er to sentrale miljø som gjennom århundra har vore viktige. Det er dei store elvene i Tennfjord og på Vatne. Rundt dei vaks det fram både sagbruk, kverner, møller, meieri og ulike former for indstri. Begge desse miljøa bør få ei omsynssone rundt seg, og historie bør løftast fram.

Kulturminne	Gards og bruksnr.	Type minne	Eigar
Piperensefabrikken på Helland	84/6	Industri	Magnar Helland
Fangeleir for russiske fangar	84/6	Krigsminne	Magnar Helland
Vadset Bru	71/1 og 50/4	Samferdsel	Thomas Vadset og Ole Per Storhaug
Johandammen	72/2 Jensgarden	Industri	
Tennfjordelva og miljøet rundt, ligg i hjartet av gamle Tennfjord tettstad som i si tid var dampskipsanløp, knutepunkt, skule og tingstad.	 <p>72/44 Tunheim (Sandgoten/ Nygjerdet). Eldre bustadhus. Driftsbygning. 72/1 Huldrehaugen. Sagn. 72/1 Johandammen (tidleg elektrisitet) 72/8 Kaffikvernfabrikken 72/1 Pe-kvernhuset. Eigd av 72/1 Stabburet frå ca 1840 72/138 Tennfjord Bru. Haram kommune 72/22 Kraftverket i Sigurdgarden 72/7 Tanesteinen. «Reist Up at 1914» 72/ 110 Jakobbuda. 1911 72/2 Jensgarden frå ca 1840 72/5 Gamleskulen. Ca 1880 72/24 Ungdomshuset. Tennfjord Mannskor 72/45 Bedehuset Ebeneser. Tennfjord og Slyngstad Indremisjon 72/5 Våningshus og stabbur. Kjetil Eide 72/9 Kaia. Bent og Hans Petter Hildre 72/6 Naust Petter Andreas Tennfjord, Sefrak 72/6 Naustrekkja i Tennfjord.</p>	<p>Kulturmiljø</p> <p>Landbruk Folkeminne Industri Industri Landbruk Gardsdrift Samferdsle Elforsyning Kulturhist. Handelsstad Gml gardsh. Skule, off. Frivilligheit Frivilligheit</p> <p>Gard. Fjordabåt Naust Naust</p>	

<p>Vatneelva og miljøet rundt</p>	 <p>Rundt bru og elv 96/16 Anne Lise Bruteig, Ellen Bruteig 102/ 322 Kjell Ulvestad 102/16 Arnstein Ulvestad 102 319 Arnstein Ulvestad 94/108 Vatne bru. Statens vegvesen 102/74 Vatne Møbler 94/1 Lafta naust. Os.</p> <p>Naust og eigedommar frå elva til Øyra 102/326 Synnøve Ulvestad 102/320 Petter Vatnehol 102/327 Svein Dag Svendsen 102/353 Svein Dag Svendsen. Sefrak 102/142 Ragnar Sævik Ulvestad 102/268 Håvard Sævik Ulvestad 102/ 56 Randi Asbjørg Krigsæter 102/340 Johannes Ulvestad 102/16 Arnstein Ulvestad 102/ 328 Anja Vatnehol Hylland 102/16 Arnstein Ulvestad 102/6 Randi Asbjørg Krogsæter 102/341 Mikal Bruteig 97/130 Joakim Høyberg Aure 102/40 OMM Eigedom v Kjell Nedrevold 102/15 Bryggen. Haram kommune 102/103 Thor Kristoffer Longva 102/7 Jens Elias Ødegård 100/2 Palmar Vatneødegård 97/114 Stig Einar Ertresvåg. Sefrak 102/196 Kari M. Bjørnæøy. Sefrak 102/131 Vatne Småbåtlag 102/105 Leif Hatlehol 102/348 Jan Ove Dyrkorn 102/106 Edgar Eidsvik 102/ 143 Ole Johan Høyberg 102/71 Tommy Bjørlykhaug</p>	<p>Kulturladskap, fersel (bru), industri og naustmiljø</p> <p>Pelsdyr-museum</p>
-----------------------------------	--	--

Fauskegarden	102/102 og 298	Tusenårs- staden	Haram kommune
Holehuset Pels	102/3	bygning	Bakken Vebjørn
Fannegarden	90/1	Gardstun	Ekroll Eldar
Gamlehuset i Tuene.	72/54, Er bygt 1868, same år som kyrkja	Bygning Autentisk bumiljø	Lennart Tennfjord
Stabbur	72/1 Restaurert 2019	Bygning	Tor Inge Myren
Gamlevegen over Remmefjellet		Samferdsle	Fleire

1.2.7 Søvik sokn

Sogelaget for Hamnsund sokn har vore ein viktig støttespelar for arbeidsgruppa i arbeidet med kulturminneplanen. Det miljøet dei har skapt for lokalhistorie og kulturminne, er det viktig å byggje vidare på. Med deira kjennskap til sitt område, er vi sikre på at vi har funne fram til eit representativt utval av kulturminne for denne delen av Haram som har røtene sine i gamle Borgund og dermed Ålesund.

Kulturminne	Gards og bruksnum.	Type minne	Eigar
Hamnsundhellaren	174/1		Petra Havnsund
Bjørnøya Kystbatteri	180/3	2. verdenskrig	Andreas Alvestad
Sjøbuer på Gamlem	176/71	Kystkultur	Olav Gamlem
Prestekaia i Hamnsundet	174/7	Ferdsl	usikker
Grav over russisk soldat	174/12	2. verdenskrig	Haram kommune
Steingard på fjellet	175/176/177	Landbruk	Felleseige ovanfor Søvikvarden eller teigbland
Krogsethagen/Hagen	165/2		Leif Hovde
Fredheim/Posen	165/3		Arvid Krogsethagen
Stabbur på Krogset	166/1	Bygning	Stian Driveklepp
Sjøbu i Urkedalen	169/7	Kystkultur	Egil Urkedal
Seterstøl i Gjersetdalen	168/1 og 2	Landbruk	Per Ove Urkedal Stig Ivan Gjerset
Hamnsund kyrkje	174/12	Kyrkjer og gravstader	Haram kommune
Brusdalsgarden Gamlem	176/2	Landbruk	Annlaug Brusdal Ness
Bautaen over Palmar Bjørnøy	176/31	Bautar, minnesmerke	Andre Bjørnøy
Lepsøyrevet fyr	177/5	Kystkultur/ferdsl	Kystverket

2. Mål og rammer for planarbeidet

2.1 Innleiing

9. februar 2017 vedtok kommunestyret å søkje Riksantikvaren om 100.000 kr. i tilskot for å lage ein kulturminneplan. Midlane kom i løpet av sommaren, men arbeidet kom ikkje i gang før hausten 2017. Toril Moltubakk og Siv Aksdal frå kulturavdelinga på fylket var med i oppstarten og gav oss råd og dåd. Kari Grindvik frå Skodje kom og fortalte oss om arbeidet med deira plan som vart godkjent alt i 2013.

I tilrådinga frå Rådmannen og formannskapet til møtet heitte det:

«Haram kommunestyre er positive til å utarbeide kommunal kulturminneplan, men har pr. i dag ikkje ressursar til å setje i gong arbeidet. Kommunen vil derfor ikkje søkje om tilskot til arbeidet i 2017.»

Kommunestyret valde likevel å gå vegen. Vi starta på mange måtar mot alle odds og i motvind. I Haram betyr det oppdrift.

I KS-009/17 gjorde kommunestyret i Haram 9.2. 2017 slikt vedtak:

1. Haram kommunestyre er positive til å utarbeide ein kommunal kulturminneplan. Arbeidet skal innarbeidast i planstrategien fram mot 2020. Det skal søkjast støtte frå Riksantikvaren på

100.000 kr., og søkjast utsett start til hausten 2017. Kommunens del på ca 100.000 kr. skal innarbeidast i økonomiplanen.

2. Kulturutvalet blir delegert mynde til å setje ned ei arbeidsgruppe bestående av t.d 2-3 politikarar og 3 representantar for dei tre sogelaga i kommunen o.a., utnemne ein prosjektleiar og føre arbeidsprosessen fram mot ferdig plan, jf. dokument dagsett 09.02.17. Rådmannen peiker ut

Prosjektkoordin.

Slik såg kommunestyret for seg prosessen og budsjettet. Begge delar har stort sett halde seg oppe.

TID	HANDLING	ANSVARLEG
9 februar 2017	<ul style="list-style-type: none"> Vedtak om oppstart Søkje støtte med Riksantikvaren 	Kommunestyret Prosjektansvarleg
Mars-juni 2017	<ul style="list-style-type: none"> Politisk forankring Oppretting av arbeidsgruppe med prosjektleiar, 1-2 politikarar samt ein frå kvart av sogelaga i kommunen. Møte innan juni 	Prosjektansvarleg i kommunen Kulturutvalet Arbeidsgruppe
2. halvår 2017	<ul style="list-style-type: none"> Oppstart av arbeidet Handlingsplan Offentleg info, evt. eit/to folkemøte® som oppstart 	Arbeidsgruppe
Første halvår 2018	<ul style="list-style-type: none"> Opplæring av registreringsmedarbeidarar Registrering i felt Folkemøte i krinsane 	Arbeidsgruppe
2. halvår 2018	<ul style="list-style-type: none"> Avslutning på registrering 	Arbeidsgruppe

	<ul style="list-style-type: none"> Folkemøte i krinsane 	
Januar-juni 2019	<ul style="list-style-type: none"> Utarbeiding av plandokument 	Arbeidsgruppe
2. halvår 2019	<ul style="list-style-type: none"> Plan til høyring og godkjenning Fullført plan blir vedtatt 	<ul style="list-style-type: none"> Kulturutval Kommunestyret
2020-2023	<ul style="list-style-type: none"> Kulturminneplanen blir rullert 	
2024-2027	<ul style="list-style-type: none"> Kulturminneplanen blir rullert 	

Budsjett og finansiering	Prosjektleiing inkl. registrering av kulturminne	150.000 kr
	Utgifter folkemøte, arbeidsgruppe	25.000 kr
	Div. utg. til reiser, transport, adm. og IT	25.000 kr
		<u>= 200.000 kr</u>
	Tilskot frå Riksantikvaren	100.000 kr
	Haram kommune (blir innarb. i økonomiplan)	50.000 kr
	Gåver	50.000 kr
		<u>= 200.000 kr.</u>

2.2 Arbeidsgruppe

I kulturutvalet 30. juni 2017 vart det sett ned ei arbeidsgruppe slik kommunestyret hadde bestemt:

Arnt Ove Tenfjord (prosjektleiar), leiar i kulturutvalet Julianne H. Aakre og nestleiar i kulturutvalet Norvald H. Lausund, Vatne sogelag v/ Kåre Vatneødegård, Sogelaget for Hamnsund sokn v/ Per Hånes, Haram kulturhistoriske lag v/ Svein Nilsen. Sogelaga kan stille med leiar eller ein annan person i arbeidsgruppa etter eige ynskje. Haram kulturhistoriske lag vert beden om å peike ut ein ekstra person til arbeidsgruppa med kunnskap knytt til Brattvåg. For å oppretthalde ein best mogleg kjønnsbalanse vert det oppmoda om at ei kvinne kan peikast ut.

Edel Tolås vart seinare peika ut av Haram kulturhistoriske lag. På grunn av sjukdom og seinare skifte av leiar i Haram kulturhistoriske lag kom Sindre Rogne inn i staden for Svein Nilsen. Edel Tolås gjekk også ut i sjukepermisjon utan at ho vart erstatta.

Elin-Grete Vatnehol byrja som samfunnsplanleggar i Haram kommune 1.2. 2018, og har sidan møtt jamleg i arbeidsgruppa. Håkon Bjørnøy og Oddvar Urkedal i sogelaget for Hamnsund sokn og Per Bjørkevoll i Vatne sogelag har vore med på møte og ekskursjonar, slik som det har passa.

2.3 Føremål med kulturminneplan

Kvifor skal vi så ha ein kulturminneplan? Målsettinga til Riksantikvaren er at 90 prosent av kommunane i landet skal ha ein kulturminneplan innan 2020 og at tapet av kulturminne skal minimaliserast. Tapet av verneverdige kulturminne skal ned.

«Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljøa skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følgje av at dei blir fjerna, øydelagt eller forfell, skal minimaliserast.

Innan 2020 skal tapet ikkje overstige 0,5 prosent årleg. Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredda i dei varig verna kulturminna og kulturmiljø skal bli betre, og et representativt utval skal være freda innan 2020.» (Stortingsmelding 16, 2004-2005)

Eigen plan klarar Haram kommune akkurat før vi blir ein del av den nye kommunen Ålesund, i lag med Skodje, Ørskog, Sandøy og Ålesund. Dei tre sistnemnde driv med kulturminneplanar som oss, medan Skodje var tidleg ute, ja, ei av dei første i landet (2013).

Det betyr at den nye kommunen sitt kulturminnearbeid er godt i gang, med Skodje og Haram som dei som er lengst framme i løypa.

Møre og Romsdal er som fylke på god veg i å bidra at målet blir nådd.

Målet med å få utarbeidd planar i kvar kommune, er å styrke statusen til og kompetansen på lokal kulturarv og bidra til at kommunane tar aktivt grep for vern og bruk av kulturminne og kulturmiljø. Med ein kulturminneplan i kommunen vil ein få ein reiskap som gjer forvaltninga meir effektiv og føreseieleg. Kulturminnearbeidet har ofte lav prioritet og kan vere vanskeleg å planleggje.

Område som er registrert som regionalt, nasjonalt eller lokalt viktige kulturminne vil også bli prioritert ved tildelinga av tilskot frå kulturminnefondet og fylkeskommunen.

2.4 Hovedmål i Haram

Askeladden er Riksantikvarens offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø i Norge. SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne.

Hovudmålet i Haram har vore å skaffe ein så god oversikt over faste kulturminne i kommunen som mogeleg, og foreta ei første verdivurdering av objekta medan vi er eiga kommune.

Vi startar ikkje på bar bakke. Mange av kulturminna våre er registrert i Askeladden og SEFRAK og i eit eige kompendium utgitt ca 1980, men no ønskjer Arbeidsgruppa å spore opp nye, ikkje registrerte kulturminne og få dei registrert. Samtidig ønskjer vi å løfte fram dei minne som ligg inne i den regionale delplanen for kulturminne.

Viss det er praktisk og av omsyn til ressursane er mogeleg ønskjer vi også å utarbeide ein forvaltningsplan/ handlingsplan for lokale kulturminne. Og ikkje minst, ein må i dialog med dei som eig. Både registreringa og dialogen med grunneigarar er fasar som kjem

Men uansett vil den registreringa og registreringa som arbeidsgruppa gjer vere eit positivt bidrag til å løfte fram den felles kunnskapen og kjennskapen til kulturminne og kulturmiljø i heile den flotte kommunen vår.

Naturgitte forhold som geologi, flora og fauna har skapt levemåten her. Det er spora etter menneska vi har leita etter.

2.4.1 Delmål i Haram

1. Auke statusen til lokale kulturminne og dermed vår eiga historie. Kvar kjem vi i frå og korleis har vi blitt det vi er som samfunn og folk gjennom tidsaldrane? På kva måtar skil haramsborgaren seg ut?
2. Synleggjere verdien av lokale kulturminne, og auke kunnskapen om dei og korleis dei kan forvaltast, både av det offentlege og det private.
3. Ta vare på viktige kulturhistoriske verdiar, unngå at dei kjem vekk eller går tapt. Sjå dei som ein ressurs.
4. Løfte fram kunnskap, oppleving og bruk i turistsamanheng. Her er hundrevis av gode grunnar til å besøke Haram og lære om folket og kulturen her,
5. Leggje til rette for vern gjennom bruk.

6. Etablere samarbeid med fylkeskommune og stat for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi.
7. St. meld. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste legg vekt på styrking av den kommunale kompetansen på kulturminnefeltet, og på kor viktig det er at kommunane skaffar seg oversikt over verneverdige kulturminne i kommunen gjennom kulturminneplanar.

2.4.2 Informasjon og medverknad

Heile tida gruppa har vore i arbeid, har målet vore at vi skal plukke ut ein del kulturminne som blir framheva i ein plan med forslag til tiltak for korleis denne kulturarven blir teken vare på. Vi har også vore merksame på at dette er første generasjons plan, og har arbeidd for å leggje lista lavt og ikkje gape for høgt.

«Det er ei nasjonal målsetting å redusere tapet av verneverdige kulturminne, jf. Nasjonalt miljømål 2.1. For å nå dette målet, må ein ha oversikt over desse kulturminna i kommunen. En kulturminneplan setter mål for kommunens arbeid med kulturminne, gir en oversikt over verneverdige kulturminne og kulturmiljø, og foreslår tiltak for hvordan denne kulturarven kan tas vare på og brukes.» (Riksantikvaren).

Gruppa har vore i dialog med kulturminneavdelinga på fylket, tre lokale historielag, eldrerådet, ungdomsrådet, kommunisert via media, kjentfolk, Facebooksider, museum, næringsliv, publikum gjennom annonsering m.m.

Gruppa har møtt lokalbefolkninga og eigarar av kulturminne gjennom synfaring eller ekskursjonar på Lepsøy, i Vatne/Tennfjordområdet, på Haramsøy og Flemesøy/Skuløy, på Fjørtoft og i Hamnsund sokn frå Krogsethagen til Lepsøyrevet fyr.

Prosjektlear på eiga hand har vore rundt i Brattvåg, Helland og Hildre-området.

Vi har hatt 13 arbeidsmøte, inklusive dei fem ekskursjonane som er nemnd.

2.5 Om rammene for planen, val av plantype

Haram kommune valde etter ein dialog mellom administrasjonen og prosjektgruppa at Kulturminneplan for Haram skulle vere ein temaplan. Dette i lys av at kommunen stod midt oppe i ein mogleg samanslåingsprosess, som viss den vart reell ville legge beslag på mykje tid og ressursar. Ressursane på sakshandsaming tilsa då at den minst belastande vegen ville vere temaplan, men at ein likevel kom seg i gang.

Det skal heller ikkje stikkast under ein stol at kompetansen på dette feltet, kanskje ikkje er så god som på andre felt. Arbeidsgruppa har difor med utgangspunkt i menneskelege ressursar frå kulturutval og sogelag, gått opp ei løyse som ein får vone vil bere frukt inn i framtida. Ingen av oss var utdanna historikar eller liknande, så vi vart tidleg samde om at vår plan måtte vere enkel og lettfatteleg. Så får dei med fagleg tyngde til det kome seinare og vi får pløgd djupare.

2.5.1 Temaplan

Riksantikvaren har sagt at det er tre vegar til målet. Så må kulturminneplanen må vere en del av kommunens planstrategi. I Haram er det kravet oppfylt.

En kulturminneplan kan vedtakast som en temaplan utan å følgje alle sakshandsamingsreglane i plan- og bygningslova, for eksempel kravet til planprogram. Medverknad og politisk forankring av arbeidet er likevel viktig. Dette vart valet for oss i Haram.

Vurdering av kulturminnets verneverdi skjer etter forvaltningspraksis etter følgjande kriterium:

- Kunnskaps- og opplevingspotensiale
- Historikk

- Bevaring av heilskap
 - Beliggenhet/ topografiske forhold
 - Kulturminnets tilstand
 - Sjeldanheit
 - Identitet/ symbolverdi
- • Kor representativt er det

Kommunale planar som omfattar kulturminnevern: Kommuneplan for Haram. Arealdelen er under arbeid, slik at kulturminneplanen kan vere eit bidrag i den t.d. når det gjeld omsynssoner.

For ordens skuld tar vi med dei to andre alternative vegane til målet kulturminneplan som Riksantikvaren har skissert.

2.5.2 Som tema i kommuneplanen

Samfunnsdelen av kommuneplanen skal samordne sektorane sine planer. Den skal gi retningslinjer for gjennomføring av mål og strategiar, både i den kommunale verksemda og ved medverknad frå andre offentlege organ og private. Kommuneplanens samfunnsdel vil være en viktig arena for samordning mellom den enkelte sektors utfordringar og prioriteringar og den samla utvikling i kommunen.

Kulturminnepolitikk i kommunen kan nedfellast i samfunnsdelen av kommuneplanen som eit eige kapittel med mål og strategiar, og kan knyttast til samfunnsdelens arealstrategi og koplast opp mot andre mål innafor for eksempel reiseliv, næringsutvikling, folkehelse og friluftsliv.

Kommuneplanens samfunnsdel skal ha en handlingsdel med tiltak for å gjennomføre samfunnsdelen for de nærmaste fire år eller meir (jf. plan- og bygningsloven § 11.1). Handlingsdelen skal oppdaterast årleg i forbindelse med kommunens økonomiplan.

I tillegg til alle freda kulturminna bør dei andre kulturminna som kommunane prioriterer avsettast med **Omsynssoner i arealdelen**. Kommunen kan lage generelle bestemmelsar til dei prioriterte kulturminna som tar vare på kulturminneinteressene.

3. Kulturminne og kulturhistorie i Haram kommune

Historie blir gjerne definert som kunnskap om menneske som levde i fortida.

3.1 Haram si historie

Menneska har gjennom årtusena etter fattig forsøkt å dekkje behova sine. Tenk deg dei 80 menneska som på slutten av 1500-talet levde i Omnen på utsida av Lepsøya.

Det vi kan kalle «å overleve» har skjedd på mange ulike måtar. Endringar i materielle forhold fekk store konsekvensar for korleis folk organiserte liva sine.

Vi har til alle tider levd under fysiske omgjevnadar som set rammer for livsutfaldinga vår. Noko er konstant eller forandrar seg svært sakte i forhold til kva som endrar seg raskare. Dei siste 150 år har det skjedd enorme endringar i måten folk har livnært seg på her på våre kantar.

3.1.1 Jegarar og sankarar

Fram til 3000-talet levde dei som jegarar og sankarar. Etter kvart kjem tre teknologiske nyvinningar som fekk omfattande følgjer for menneska sitt liv og verke: jordbruket, bronzen og jarnet. Spør du ungdommar i dag vil dei i tillegg leggje til; datamaskina.

I Haram vil vi drage fram to viktige forhold i vår nyare historie: funnet av fiskefeltet Storegga og mekaniseringa av fisket og industrialiseringa rundt 1900. Men i den store kommunen Haram, har det vore store skilnadar. Det viser blant anna at dialekta kunne vere ulik frå grend til grend.

Historie blir gjerne definert som kunnskap om menneske som levde i fortida. Dei aller fleste av menneska som har levd i fortida, har ikkje sett merke etter seg som vi kan finne i dag. Nokre har

gjort det. Disse spora er våre vegvisarar attende i historia. Kulturminne handlar om det. 99,9 prosent av det som skjer, blir aldri meddelt vidare. 99,9 prosent av det som blir fortalt vidare, kjem aldri i media, og 99.9 prosent av det media får vite om når aldri publikum.

Frå den tidlegaste historia er det det arkeologiske metodar og kjelder som gjer det mogeleg å finne kunnskap. Seinare kjem dei skriftelege kjeldene. I dag kan vi sjå, ta og føle på ting som dei i hundreåra før oss skapte og bygde. På Petter Dyrkorn-samlinga på Fjørtoft kan vi ta på steinar som er millionar av år gamle, og kjenne på reiskapar som blei laga for tusenvis av år sidan. På Lepsøya kan vi fysisk sjå berg og formasjonar som vart til under den kaledonske fjellkjedeforminga for hundrevis av millionar år sidan.

Då blir vi menneske små. Og samtidig store. For det er vi som er sett til å forvalte dette.

3.1.2 Haram

Kommunegrensene for Haram slik vi kjenner dei i dag og denne planen omfattar, blei vesentleg endra i 1965 då største delen av gamle Haram kommune (unntatt Vigra), Nordre Borgund og størsteparten av gamle Vatne kommune blei samanslått. Den nordlegaste delen som låg på Harøya blei lagt til Sandøy kommune.

Haram var altså saman med Vigra og halve Harøya. Søvik og Grytastranda sokna til Borgund kommune og hadde to fjordar å krysse for å kome seg til hovudkyrkja. Vatne var i lag med Skodje til 1902, og etter det saman med delar av Misund.

Det har vore mange ulike t.d. administrative, kyrkjelege og militære inndelingar oppgjennom århundra. I dag står vi på terskelen til å bli ein del av Ålesund kommune, det skjer 1.1.2020.

Haram



Land	 Norge
<u>Fylke</u>	Møre og Romsdal
Status	Kommunedel av Ålesund
<u>Innbyggernavn</u>	Harams-mann / Harams-kvinne
<u>Adm. senter</u>	Brattvåg/Ålesund
<u>Areal</u>	
– Totalt	261,13 km²
– Land	254,3 km²
– Vann	6,83 km²
<u>Befolkning</u>	9 345 ^[a]
<u>Målform</u>	Nynorsk

Fellesnamnet i 1965 vart Haram og kjem av halvemål av Aram eller Arhamar som tyder ørnehamar. Ein veit at det var ovleg mykje havørn i Haram i gamle dagar.

3.1.3 Tidleg Isfri

Kor lenge her har budd folk i det som i dag er Haram, veit ingen. Men Haram kan vere ein del av kysten som er så tidleg isfri at nokre av dei første nordmennene busette seg her. Skulle vi gå gjennom dei ulike administrative, kyrkjelege, militære, postale m.v. grenser som har vore i det som i dag er Haram, ville det bli side opp og side ned. Vi må gjere eit utval og drage grove linjer. Ingen av oss er profesjonelle historikarar og det ligg kanskje ei og anna sannheit der, som ikkje har kome fram? Det får stå si prøve.

3.1.4 Spor etter menneske

Ein reknar med at spora etter dei første menneske på Lepsøya er minst 4.000 år gamle. Og vi veit at Petter Dyrkorn oppdaga spor etter menneske i Dysvika på Fjørtofta. Dei hadde budd der før Storeggaraset ca 6.000 år f.kr. Kulturen vart utviska av ein tsunami som vi i dag ofte høyrer om i Asia. Ca. 6050 år før Kr. blei fylket vårt råka av ei stor naturkatastrofe.

Ca. 400 km lengde og ca.5500 kubikkilometer av Storegga ute i havet (10-12 mil frå land) rasa ut og laga store flodbølger inn over land. På kysten var bølgehøgda 10-12 meter og inne i fjordane opp til 40-50 meter. Dette førte til store øydeleggingar og endringar av landskapet som det er klare spor etter.

3.1.5 Eldgamle spor

Også i Tennfjorden fann dei spor som skal vere rundt 8.000 år gamle. Her var det tilgang til ferskt vatn, til sjø og dermed mat. Gamle spor etter våre forfedre og formødre vart også funne på Baraldsneset då dei skulle avgjere om det området kunne vere eigna for landanlegget til Ormen Lange-feltet. Som vi veit hamna det på Nyhamna i Aukra.

Det kan skrivast mykje om topografien og om geologien, om vêrlaget, plantelivet og dyrelivet. Geologien har amatørgeologen Petter Dyrkorn samla prøver på i Otterleiskulen. Eit like naturleg som opplagt kulturminne å få med i denne planen.

På nordvestspissen av Lepøsya ligg Bryggja. Her vitnar berget om dei kreftene som rådde då den Kaledonske fjellkjeda vart danna for ca 490-390 millionar år sidan. Vi er på botn av ei fjellkjede som var 6.000 km og like høg som i Himalaya.

Ikkje langt unna ligg Rået, der det er spor etter busetnad i mellomalderen. I Omnen budde det 80 menneske seint på 1500-talet, før naturen tvinga dei til å flytte til Hellevika.

3.2 Ulike tidsepokar

3.2.1 Eldre steinalder (9000-3200 år før Kr)

Geologi i helleren

Helleren på Sømmevå har vorte som heller for samstundes både under isflek og under isfrie perioder. I perioder med isdekke vart det avsatt leire i store mengder. Leire kom frå isen si kraftige sliping av berggrunnen, og denne fine bunnlaget blei fylt med vann frå isen og broen til helleren. I dei isfrie periodane fall store blokkar ned frå taket og dekte jordlaget. Dye trunks helleren vil å stå og be i, og det dannar seg store sandfyller av store mellom blokkene. Dateringane av beta frå desse laga, samsvar med dateringane på andre stader på Sømmevå, viser at isen var løst frå 29 000 til 28 000 år sidan, og ein gang rundt 24 500 år sidan. Dette var overraskende, og ein traktar helleren kan ei reit stoffte at det var isfri på denne tida, og vi har fått kjennskap om klimaet og dyrelivet.



Dyreliv for 30 000 år sidan



Mer enn 15 000 år til Hamnsundhelleren var store granskå. Det er funnet rundt 23 arter frå dei isfrie periodane for 29 000 til 15 000 år sidan. Det er 4 små fisk, 14 ulike fuglar og 5 ulike pattedyr. Hestegitar domstær klart blant fuglane, og særlig alkekongen. Det store talet hestegitar skildlar at fjellet under helleren var eit fuglefjell. Det er òg funne beta frå rype og snibsevev. Av ein tur funne rype, viser at her vorte vegetasjon som òg var vanlig i den vinteren. Av pattedyr domstær rindul og fjellrev, men det er også funne en hest frå mesolitikum.



Nåværende ting store bosetninger for å overleve, viser dette at store områder på Sømmevå var isfrie. Finne vitne om eit klima meir som det er på Svalbard i dag.



Mer informasjon

Det er også opp ei informasjonstafel ved Hamnsundhelleren som viser nokre av dei resultatene forskarane har komne fram til etter utgraving. Spesialt om anderekngane kan rettast til:

Geologisk institutt, Universitetet i Bergen
Tlf: 55 58 35 20

Norges geologiske undersøkingar, Trondheim
Tlf: 75 91 40 11

Zoologisk museum, Universitetet i Bergen
Tlf: 55 58 29 06

Hamnsundhelleren sine løyndomar



Vidar Valen og Eiliv Larsen







I fjellet ved Hamnsund ligg det ei hule 54 meter over havet, med vidt utsyn mot havet i vest. Hamnsundhelleren har vore undersøkt av både arkeologar og geologar. Allereie i 1877 og 1879 vart det oppdaga spor etter menneske i Hamnsundhelleren. Det er spora herfrå som gjer at geologane oppdaga ein isfri periode mellom 35.000 – 28.000 år sidan. Då trudde ein at Noreg var dekt av is. Denne perioden har fått namnet Hamnsund Inter-stadial.

Ein kjenner og til mange hellerar som har smie-namn knytt til seg, til dømes Smedhelleren på Rønstad på Lepsøy. Ein heller gjev fint ly for slike aktivitetar som det er knytt stor brannfare til, men skriftlege kjelder frå norrøn tid fortel og om spesielle krefter knytt til smiding. At ein har brukt hellerane til jarnframstilling og smiding, i god avstand til garden, har truleg vore ein kombinasjon av reell brannfare, men kan hende og av frykt for dei overnaturlige kreftene ein trudde vart sett i sving når metallgjenstandane vart laga.



Isfrie periodar

Hamnsundhelleren er danna av bølgeaktivitet i ei tid då havet sto om lag 60 meter høgare enn i dag, under siste istid. Det som gjer Hamnsundhelleren interessant for geologar, er at ein her har funne spor etter ein varmeperiode for 30 000 år sidan, då store delar av Noreg framleis var dekkja av is. Under desse isfrie mellomstadia (inter-stadialar) kunne dyr og plantar leve her ute ved kysten. Dyr- og planterestar ein har funne djupt nede i grus- og leirelaga i hellerbotnen, kan altså fortelje forskarane om klima og fauna for 30 000 år sidan.

For om lag 11 – 12.000 år sidan blei Møre og Romsdal isfritt etter siste istid. Menneska kom raskt etter på jakt etter rein. Dei første spora etter desse første menneska i fylket vår blei funne ved Voldvatnet i Kristiansund i 1909 ("Fosnakulturen"). Seinare funn og granskingar viser at veidefolket har bevega seg over relativt store avstandar ut og inn i fylket på jakt og fangst.

Funn på Tennfjordneset. I registreringa her blei det gjort funn av flint fra en steinalderbuplass. Under utgravinga blei det avdekkja eit område på minst 700 m2 langs ein nord-sørgåande kant av ei terrasse med utsikt over Grytafjorden mot vest. Lokaliteten ligger på 14-15,5 moh. Terrenget skrår svakt oppover mot aust og svakt nedover mot sjøen i vest. Sjøen ligg i dag ca 200 m fra lokaliteten. Mot nord er terrenget lågare og der er ein bekk med utløp i Grytefjorden. Det ble gjort funn som tyder på minst tre aktivitetsfaser, mellomsolittisk, senmesolittisk og overgangen sennelittikum/eldre bronsealder.

Rønsthadhelleren

Rønsthadhelleren er ein heller på Lepsøya. Den er 14 meter høg, 20 meter brei og strekkjer seg 77 meter innover i fjellet. Den er blant dei største hellerane ein kjenner til. Den er lokalisert ved Hellershammaren i Rået, 56 moh. Den er navngitt etter Rønstad som er den nærmeste garden. Rønsthadhelleren har vore brukt som sommerfjøs for husdyr.

3.2.2 Yngre steinalder (3200-1800 før Kr)

I denne perioden blei folket bufaste og starte med jordbruk. Jorda blei rydda og nytta til dyrking. Langhus blei bygde for å huse folk og dyr. Jakt og fiske var framleis viktig for livberginga.

Veidemotiv er avbilda i bergkunst frå denne perioden. På Honhammer i Tingvoll ligg den største samlinga av bergmåleri i landet. Reiskap av skifer og flint (importert frå Danmark) utvikla seg og blei meir brukt. I offerfunn i vatn og myr er det registrert m.a. flintskiver og økser.

3.2.3 Bronsealder (1800-500 år før Kr.)

Bronsealder (1700 – 500 år før Kristi fødsel) Namnet fortel om ei teknisk nyvinning med framstilling og bruk av bronse. Men det er gjort få funn i landet vårt av bronse-gjenstandar. I Møre og Romsdal er det kjent ca 35 slik funn. Det mest spesielle er eit bronsesverd funne på Blindheim i Ålesund kommune. Gullringen som er avbilde på kommunevåpenet til Aukra er frå denne perioden og funnen på Aukratangen. Dei bufaste menneska utvikla husbygging og jordbruksdrift. Ardløpde åkrar og spor etter langhus er funn frå denne perioden.

Gravskikken i perioden har sett tydelege spor i landskapet med store gravrøyser på bergryggar og nes langs kysten.

3.2.4 Jarnalder (500 år før Kristi fødsel – 1030 år etter Kristi fødsel)

Som namnet fortel var framstilling og bruk av jarn det nye og viktige. Dette materialet fekk etter kvart ei mykje større nytte og eit langt større omfang enn bronzen hadde i førre “tidsalder”.

Utvinning av jern har ikkje vore ei stor verksemd i vårt fylke, men vi finn spor etter anlegg for slik verksemd på Nerås i Vestnes og på Ørskogfjellet. Byggeskikken utvikla seg og spor etter jarnalderhus finn vi mange stader i heile fylket, og i ulike storleikar. Etter ei omfattande undersøking på Auregarden i Sykkylven, fann ein spor etter om lag 20-30 hus i storleik frå fire til 60 meter lengde.

Jarnalderfolket hadde tydeleg god kontakt med omverda. I “Haramshaugen” blei det i 1968 gjort eit av dei rikaste gullfunna i Nord- Europa frå omkring år 400 e.Kr. Grava inneheld gullgjenstandar med ei vekt på over 600 g. På denne tida blei det bygt store gravmonument med tverrmål på opptil 35-40 meter og stor høgde som “Ellefsrøysa” på Godøya i Giske.

Særleg i yngste delen av tidsperioden som også blir kalla vikingtid (800 – 1030 e.Kr.) var kontakta med omverda viktig.

Funn i graver frå denne perioden er spesielt for kvinnene smykke og for mennene våpen. Gravene inneheld også importgjenstandar. Kristendommen blir innført (om lag år 950-1000) og mellom anna opphøyrer dei gamle gravskikkane. Det blir anlagt felles gravplassar og gravene inneheld ikkje lenger gåver.

3.2.5 Mellomalder (1000-1537 etter Kr)

Dei første kristne kyrkjene blei truleg bygt på 1000-talet. Ingen av desse er tekne vare på, men det er all grunn til å tru at ei av dei eldste stavkyrkjene har stått på Haram. Men ei av dei aller første i landet blei bygt på Veøya. Dei eldste kyrkjene vi har i fylket vårt er seks steinkyrkjer frå 1100-talet, bl.a. Giske. Noreg blei samla til eit rike og fekk ei fastare styreform. Det blei etablert ein del senter rundt om i landet. Vi fekk kaupangane i Borgund og på Veøya. Dette var senter for både religion og handel og ein forløpar for det vi seinare kalla byar.

I 1349 kom Svartedauden til landet og til vårt fylke. Pesten halverte folketalet og førde til store endringar i samfunnet. Det skulle ta ca. 300 år før alle gardane som då blei lagt aude, var rydda på nytt. Kaupangane mista sin aktivitet og posisjon.

4. Nyare tid (1537 – i dag)

Fiskeria var ulikt organisert rundt om i fylket. Medan det på Nordmøre og delvis i Romsdal var vøreigarordningar, var resten av fylket prega av ei “friare” stilling for fiskarane. Først mot slutten av

1700-talet var folketalet det same som før Svartedauden (1348). I mellomtida hadde tyngdepunktet i busetnaden flytta seg meir til kystområda. Men på slutten av 1500-talet fekk fisket mindre å seie og folketalet tok seg opp i fjordane. Ein ny næringsveg kom også til. Skogen kunne omsetjast med sagbruks-verksemnd og trelasthandel. Her hadde Møre og Romsdal mykje å tilby og eksport av trelast medførte band til Holland og England.

Sagbruk ved vassdrag og trelasthandel ved gode hamner vaks fram. På Sunnmøre var ein meir “desentralisert” modell med strandstader og etter kvart handelsstader rundt omkring i fogderiet. Ålesund vaks ikkje fram som by før på 1800-talet og fekk bystatus i 1848. Byen blei etter kvart den viktigaste fiskeribyen i landet.

Ei viktig utvikling i kommunikasjonane i Møre og Romsdal var bygginga av “Den Trondhjemske postvei” mellom Bergen og Trondheim gjennom vårt fylke i 1780-åra. Vi fekk ein trasé med ridevegstandard som kunne nyttast til reiser tvers gjennom fylket frå Sunnlyven til Rindal.

Midt gjennom Haram gjekk då som no riksveg 1, kystleia.

Den 3.april 1841 starta den første dampskipsruta mellom Kristiansand og Trondheim med stoppestader i Herøy, Ålesund og byane Molde og Kristiansund. I 1856 kom dei første dampskipa i lokaltrafikk i Møre og Romsdal. Enkle kaier blei bygde også rundt i bygdene og langs fjordane, blant anna i Eidsvika.

For at skip skulle kunne ferdast mest mogleg trygt langs kysten blei det etabler ei losordning og bygt ut fyrstasjonar. Den eldste fyrstasjonen i vårt fylke er Runde frå 1826. Utover på 1800-talet kom det til mange fyrstasjonar på kysten av Møre og Romsdal.

4.1 Kyrkjelova av 1851

I 1851 kom “Lov om kirker og kirkegaarde” som gav påbod om at det måtte vere sitte-plass for 3/10 av soknet sine innbyggjarar i kyrkja. Dette første til ein stor aktivitet med bygging av nye kyrkjebygg. Berre i 1860-åra fekk vi 15 nye kyrkjer i fylket. Vatne kyrkje er frå 1868.

Utviklinga på 1800-talet i Møre og Romsdal gjekk elles i store tekk som i resten av landet. Vi fekk haugianerrørsla, bondeopposisjon, utvandring til Amerika, omlegging i jordbruket med store innmarksutskiftingar, oppløysing av dei gamle tunskipnadane og overgang frå naturalhushald til pengehushald. Dei første turistane kom til fylket og nokre få bygde seg fritidshus for å få gode friluftsopplevingar.

4.2 Skule

Fast skule blei innført med lov i 1860 og ein svært desentralisert modell med små grendaskular blei utbygt. I dag står framleis skulehusa som kom til rundt 1880-1890 etter denne lova.

4.3 Jordmorgjerdet

Ei historie som skal løftast fram lokalt er at i 1859 starta Berte Rønnes opp som jordmor i Skodje og Vatne med bustad i Tennfjorden. Ho hadde jordmorutdanning frå Oslo og var mellom dei første med fagutdanning som dreiv slik praksis på bygda i Møre og Romsdal. Jordmorgjerdet på garden Vadset i Tennfjord er i regional delplan for kulturminne foreslått verna med nasjonal verdi.

På slutten av 1800-talet og utover vaks det fram mange friviljuge organisasjonar for ulike rørsler som fråhaldssak, målsak, misjon og ungdom. Dei bygde sine hus for samkomer. I Tennfjord bygde dei ungdomshus og bedehus samtidig rundt 1920, berre 100 meter frå kvarandre.

Ungdomslaget Fram på Rogne vart stifta tidleg på 1890-talet og er framleis aktiv og vital for ungdomsslagssaka.

Åkre bedehus frå 1889 vart rekna som eitt av dei eldste på Sunnmøre. I 2019 vart det gjenopna på Sunnmøre Museum.

4.4 Industrien og Mekanieringa

Rundt 1900 kom mange store omskiftingar og nyvinningar som Møre og Romsdal tok del i. Industriverksemdar blei etablerte og utvikla seg; ein del til store bedrifter. Litt av grunnlaget var her tidleg og omfattande utbygging av kraftverk frå 1876 og framover.

Vestres orgelfabrikk på Haramsøya er naturleg å nemne i lokal samanheng. Den vart etablert på 1880-talet og står fram noko naturstridig, men dei dreiv godt og overlevde i mest 100 år.

O.A. Devold er ofte nemnt som den fremste representanten for den første industrialiseringa i fylket.

I 1919 var Møre og Romsdal det fylket i landet som hadde flest kraftstasjonar. 185 anlegg gav straum til 800 elektromotorar og lys til 86.000 glødelampar. Og i 1923 fekk vi landets første 110 kv leidning frå den nye kraftstasjonen i Tafjord til Nørve i Ålesund.

Alt i 1911 hadde pioneren Johan Tenfjord bygt seg kraftverk ved Tennfjordelva. Dammen er foreslått tatt med i kulturminneplanen.

Kaffikværnfabrikken som Johan Tenfjord starta er med på regional kulturminneplan. I 1911 starta også Brattvåg si eventyrlege reise, ved at det vart gjort avtale om fallrettane til vatnet i Gjersetvatnet og Synnalsvatnet.

4.5 Kommunikasjonar

Gode kommunikasjonar var viktig for samfunnsutviklinga, men også ei stor utfordring å få til i vårt oppdelte fylke med fjell og fjordar. Rundt om ei heile kommunen, står det framleis rodesteinar. Dei viser kven hadde ansvaret og strekninga dei hadde ansvaret for med omsyn til vedlikehaldet av vegar. Strausmbrua kjem i 1922. Men heilt til 1956 går Grytafjord frå Tennfjord og Eidsvik til byen med utallige stopp langs fjorden. Slik leverer dei mjølk.

Transport av personar og gods blir gradvis flytta over frå sjø til land. Men først i 2022 skal Nordøyane i Haram få fast samband gjennom Nordøyvegen.

4.6 Møbelindustri i Haram

Som tidlegare nemnt fekk vi ei stor industriutbygging i fylket knytt til utbygging av elektrisk kraft. På Sunnmøre fekk vi ein blomstrande utvikling av møbelindustri med svært mange små fabrikkar, ikkje få av dei i Haram. Ruinane står anno etter ein slik fabrikk som vart tenkt bygt ute i Ura på Nordsida av Flemsøy/Skuløy. Øya hadde elles mange møbelfabrikkar. Vatne Lenestolfabrikk må nemnast av dei lokale fabrikkane som oppstod rett etter krigen.

Etter 1900 fekk vi også ei betydeleg konfeksjonsindustri rundt omkring i fylket med tyngdepunkt i Romsdal, men med eit lokalt tyngdepunkt på Vatne (1914-1982). Dette og andre bedrifter fører med seg ei ny historie i Haram, nemleg arbeidsinnvandring og kvinnearbeidsplassar. Tidleg på 1900-talet var det mannlege svennar i konfeksjonsindustrien. Utover 1900-talet er det kvinnene som kjem frå heile landet for å sy på Vatne.

Landbruket har gjennom heile hundreåret vore i utvikling og endring. Særleg i 1930-åra var det stor aktivitet med oppdyrking og etablering av bureisingsbruk mange stader i fylket.

I mellomkrigstida var fiskeria svært viktig for kystbefolkninga i fylket. I 15 av kyst-kommunane i fylket dreiv over 60 prosent av mannfolka fiske.

4.7 Krigen

Okkupasjonsmakta sette raskt i gang med å bygge sine festningsanlegg for å halde kontrollen. Dei nytta krigsfangar som budde i fangeleirar rundt om ved dei aktuelle anlegga. "Festung Norwegen" blei anlagt med eit nettverk av kystfort og forsvarsstillingar i heile fylket som del av planen. Jan Olav Flatmark har i boka si «Sunnmøre i Festung Norwegen» ein gjennomgang av alle anlegga i Haram. I samanheng med kulturminneplanen vår er det kystfortet på Bjørnøya og restane etter den russiske krigsfangeleiren på Helland som har mest interesse.

Vår næraste historie (frå andre verdskrig til i dag) Etterkrigstida representerte for Møre og Romsdal, som for heile landet, fortsatt samfunnsutvikling, og særskilt var det ein økonomisk framgang å spore.

Tenfjord mekaniske verksted, Hydraulik, Søviknes Verft og Brattvåg skipsinnredning er alle verksemder som skaut fart etter krigen og som i dag er eigd anten av Kongsberg eller Vard. Vi kunne nemne Nogva og Pyro.

Etter krigen blei dei siste restane av ei aktiv seterdrift gjennom langt tid nedtrappa og lagt ned mange stader. Slått av teigar i utmark blei også avvikla. Oppbevaring av fôr til husdyra blei endra fleire gonger og dette har påverka utforming av uthusbygningane frå store lører for tørrhøy til ulike siloløysingar og fram til dagens rundballe og no med dyra enkelte stader samla i store samdriftsfjøs.

Sildefisket var eit eventyr på Vestlandet frå 1947 til 1956. Men frå 1957 begynte vinter-sildefisket å svikte, og etter 1967 vart det jamt slutt. Sildestammen blei nesten heilt utrydda.

4.8 Fiskeoppdrett

Nye næringar har kome til. Tidleg i 1950-åra vart det fyrste oppdrettsanlegget for fisk starta opp. Eit av dei eldste anlegga ligg på Eik i Vestrefjorden, og er med i regional kulturminneplan som eit næringslivsminne.

Noko som i stor grad kjenneteiknar fylket, og i særleg grad Sunnmøre, er evna ein har hatt til å tilpasse seg dei nye næringane etter kvart som dei gamle har fått svekka betydning. Gjennomgåande har det i etterkrigstida gått frå utvikling av lokal industri til meir og meir retting mot eksportmarknaden både når det gjeld skipsbygging, skipsutstyr og møbel.

Fiskevær på Mørkysten blei avfolka. Norsk økonomi gjekk frå å vere ein industri- til ein tenesteøkonomi. I denne utviklinga er Ålesund ein av få byar langs norskekysten som makta å oppretthalde vokster innanfor fiskerinæringa. I 2019 er Ålesund Nord-Europas største fiskerihamn. Ålesund og Sunnmørsregionen har utvikla ein av få nokolunde komplette næringsklynger innanfor denne næringa.

4.9 Nordøyvegen sluttar sirkelen

Samferdsel har vore av uvurderleg betydning for samfunnsutviklinga, ikkje minst for industriutbygginga i fylket. Ferja som transportmåte lever i beste velgåande, men det har skjedd ei gradvis nedbygging over tid, og ferjetrafikken synest å vere under sakte avvikling. Allereie har fleire ferjestrekningar vorte erstatta av tunell eller bru. Og med det siste store prosjektet Nordøyvegen, er det greitt å avrunde denne delen av historia.

5. Aktuelle kulturminne i Haram

5.1 Innleiing

«Kommunene har hovedansvaret for å identifisere, verdsette og forvalte verneverdige kulturminner i tråd med nasjonale mål.

Fylkeskommunene og kommunene identifiserer viktige [...] kulturminner og kulturmiljøer, og ivaretar disse i regionale og kommunale planer. (Nasjonale forventinger til regional og kommunal planlegging. (Kgl. Res. 12. juni 2015)»

Nasjonale mål på kulturminneområdet er at mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljøa skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv.

Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følgje av at dei blir fjerna, øydelagt eller forfell, skal minimaliserast. Innan 2020 skal tapet ikke overstige 0,5 prosent årleg.

Freda og fredningsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredden i de varig vernete kulturminnene og kulturmiljøene skal bli bedre, og et representativt utvalg skal være fredet innen 2020.

Når ein skal verdsetje kulturminne og kulturmiljø leitar ein etter mest mogeleg objektive kriterium. Arbeidsgruppa har halde denne fanen høgt, men vi er naturleg farga av vår tid, vårt miljø og våre opplevingar. Sjølv etter ein omfattande prosess, er det garantert andre auge som ser annleis på mykje av dette. Vi gler oss derfor til høyringsprosessen og voner at mange finn tid og rom til å melde attende.

Nye Ålesund kommune kunne hatt ein skjelpadde på toppen av ein gjerdestolpe som symbol. Kvifor? Jau, den hadde ikkje kome seg dit ved eiga hjelp. Slik skal nye Ålesund dannast av blant anna ei folk i dagens Haram, med ei kanskje ti tusenårig historie.

Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd, men ikkje alle kulturminne er verneverdige eller skal takast vare på. Ved ei verne vurdering må vi få fram kva element verneverdien er samansett av. Følgjande kriterium er brukte:

5.1.1 Kunnskap –og kjeldeverdi (objektiv verdi)

Kva for kunnskap kan kulturminnet gje oss? Det dreier seg om målbare og objektive eigenskapar knytt til kulturminnet sin funksjon, eksistensgrunnlag og historie som t.d. bygningshistorisk verdi, næringshistorisk verdi, levekårhistorisk verdi.

5.1.2 Opplevingsverdi (subjektiv verdi)

Kva for opplevingar kan kulturminnet gi oss? Opplevingsverdien knyttar seg til kva folk flest eller ulike grupper, opplever. Opplevingsverdien kan også splittast opp i fleire element som til dømes arkitektonisk verdi, alderspreg, symbolverdi, miljøskapande verdi, identitetsskapande verdi, kjensleverdi. Slike forsterkande, overbyggande føresetnader kan nyttast til å vurdere i kva grad kulturminnet er eigna til å formidle dei aktuelle verdiane knytt til kunnskapsverdi og opplevingsverdi. Det er snakk om føresetnader som styrkar eller svekkar dei ovanfor nemnte verdiane som autentisitet, opphavlegheit, alder, kontinuitet og sjeldanheit. Ved samanlikning av fleire kulturminne sin verneverdi kan disse overbyggande føresetnadane nyttast til å vekte/gradere dei kulturminnefaglege vernekriteria.

5.1.3 Bruksverdi

Kva kan kulturminnet brukast til? Freding er vern gjennom bruk, og i seinare tid har kulturminne som ein bruksressurs kome meir og meir i fokus. Skulane er vel den institusjonen som mest brukar kulturminna våre på ymse måtar.

I dag er det naturleg å peike på at kulturminna våre kan vere ein viktig faktor for å satse på turisme og opplevingar. Trendar peikar i den retninga. Vinden i Haram gjer at lufta også er frisk og ny.

5.1.4 Avgrensing

Nedanfor er det lista opp ei mengd med kulturminne i Haram. Inndelinga er gjort etter gards- og bruksnummer. Kvar øy for seg, og fastlandet delt ettersom sogelaga har delt det.

Utveljing og prioritering av dei, kjem under handlingsdel. Her viser vi mangfaldet og vi skjønner det ikkje er lett å skulle velje ut nokre få. Samtidig vil alle rundt om i kommunen få gjenkjenning, og mange kanskje få assosiasjonar til det som arbeidsgruppa kanskje har oversett

Arbeidsgruppe har ikkje i sitt mandat å påføre kommunen, grunneigarar eller andre kostnader. Vi har ikkje noko budsjett som vi kan hente frå til marknadsføring, oppgradering av bygningar, digitalisering etc. Dialog med grunneigarar og registrering er viktige fasar framover.



5.2 Fjørtoft

Omfattar g.nr. 3 Fjørtoft og g.nr. 4 Otterlei, Vi viser til ekskursjonen som Arbeidsgruppa hadde dit 1.11. 2018 og møte med lokalbefolkninga. Det er også kome tips, e-postar og kontakt frå privatpersonar.

Petter Dyrkorn-samlinga og Otteleiskulen. Tusenårsstad.

Kort: Petter Dyrkornsamlinga er eineståande. I et lite, privat museum i gamle Otterlei skule på Fjørtofta finnes noko av det han samla av materiale om forhistoria på øyene på nordre Sunnmøre. Steinsamlinga her er unik

Skulen er lik dei skulane som vart bygt på 1880-talet og frametter, men framstår som intakt og velhalden. Opprinnelig funksjon som skysstasjon

Stongnes Mekaniske.

Kort: Ei mekanisk bedrift som frå starten av 1900-talet fekk stor innverknad på mekaniseringa av fisket. Fire slippar på det meste. Gir ei reise i fortida i vår maritime industri. Mykje godt intakte maskiner/ lokale.

Bryneberget.

Kort: Her ordna fjørtoftingane seg bryne. Her må det vere enkelt å setje opp eit skilt som syner funksjonen denne steinen har hatt.

Dysvika 8000 år gamle steinalderbusetnad-Nasjonal verdi- Automatisk Freda.

Kort: Du må vere lokalkjend for å vite at her er det gjort eit banebrytande steinalderfunn frå ei busetjing før Storeggaraset. Det var Petter Dyrkorn som i 1972 oppdaga den 8000 år gamle steinalderboplassen i Dysvika på Fjørtofta.

Marsteinnes som er funnstad for Fjørtoftbåten, er utstilt på Sunnmøre Museum.

Kort: Eit funn som det er viktig at blir løfta fram lokalt. Ein kopi av båten er på Sunnmøre Museum. Kunne den ha kome til Fjørtofta?

Fiskerimuseet / Vågholmbuda

Ei unik samling av reiskaper, motorar og elektronisk utstyr som kan gå tapt.

Fjørtoft kyrkje.

Kyrkjegarden / middelalderkyrkjegard. Kapell. 25.8. 2019 blir det gudsteneste i Fjørtoft kyrkje med biskop og prost for å minnast det gamle kapellet. Regional delplan. Kyrkjehistorisk minne.

Mine ved Fjørtoft skule

Krigsminne.

Låna-løa (samling av gardsreiskap)

Mali-buda Fjørtoftvika.

Fleire hus av typen Sunnmørsk fiskarstove Bergarden (av dei eldste husa på øya), Nystova, Nilsgaren, Guttormgarden og Gyridgarden.

I tillegg er det fleire registrerte fornfunn i Askeladden og registreringar i SEFRAK som ikkje vi tar med her. Vi har også tenkt at fortøyningspullertar skulle med i planen. Dei fins m.a. her.

5.3 Flemsøy/Skuløy

Arbeidsgrupopa var på ekskursjon dit i juni 2018. Og har fått liste med tips via einskildpersonar og eldrerådet.

Minnestein over Thomas Longva f. 1889 .

Det var han som etter segnet fann Storegga. Betydninga av dette fisket er stort, og kan knapt vurderast. Var Thomas den første, eller gjenfann han dette fiskeriet?

Minnestein over Olaus Fjørtoft

forfattar, journalist og politiskar. Store matematiske evner, lærebokforfattar, og m.a. rekna som ein av stiftarane til Arbeidarpartiet.

Ul Fram og Framtun.

Ul Fram skipa 1891 og huset deira Framtun (1959) representerer ei ubrotten linje frå starten av ungdomsrørsla på øyane og fram til i dag. Dei har fått Fylkeskulturprisen og er i dag kjend for å ha vidareført teatertradisjonar.

Samlinga hans Oddvin Longva

av reiskap knytt til fiske og maritim industri

Listeførte tips:

- Den gamle busetjinga i Støene, med murar til møbelfabrikk.
- Gieta ytst på Flem
- Bautastein attmed Løa i Hildregarden på Flem over den eldste busetjinga på Flem med klyngetun. På inskripsjonen står «Her stod i lange rader, - dei gamle ættarstadar.»
- Bauta over Anton Flem «som kledde fjellet».
- Kvernhuset i Larselva på Rogne.
- Gravhaugar på Longva
- Meieri ved elva ved Peder Rogne.
- Gamleskulen på Flem.

5.4 Haramsøy

Ekskursjon dit i juni 2018. Innspel via Haram kulturhistoriske lag, privatpersonar m.m.

Naustrekkja på Ulla og kulturmiljøet på Ulla

Er begge regulert til bevaring, og er med i regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Naustrekkja er ei omfattande naustrekkje med til dels store grindnaust. Ulla er eit av dei viktigaste kulturmiljøa på kysten i Møre og Romsdal med mange element som kulturlandskap, fyr, naustrekkje, handelsstad og gardstun.

I den kommunale planen vil vi understreke betydninga av desse kystkulturminna, og vil foreslå ei vid omsynssone rundt dei.

Ullahammaren

Er reguleringsbevart handelsstad som ein del av kulturmiljøet på Ulla.

Ulla fyrstasjon

Er frå 1800-talet tredje kvartal, er vedtaksfreda etter kulturminnelova.

Haram kyrkje på Austnes

Er verna med nasjonal verdi. Åttetalskyrkje frå andre kvartal av 1800-talet.

Vestre orgelfabrikk.

Vestres orgel og pianofabrikk blei etablert av Ludvig Vestre i 1888. Sidan 1885 hadde han bygt nokre få trøorgel. Opprinneleg bygde Vestres orgelfabrikk kun trøorgel, men utvida seinere produksjonen også med pipeorgel, samt nokre få piano på 1940- og 50-tallet. Harmoniumproduksjonen slutta rundt 1970. Då var det totalt produsert ca. 10 000 instrument. Etter dette var det kyrkjeorgel som blei produsert. Firmaet opphøyrt i 1982. Det hastar med å sikre minne etter denne eventyrlege produksjonen.

Torvtaking på Haramsfjellet.

Løypestreng til å frakte det ned er framleis synleg.

Bauta

Bautaen er over flygarane som omkom på Haramsfjellet.

Gamle kyrkjestaden på Haram.

Dette er Tusenårsstaden på øya. Automatisk freda. Her har frå middelalderen stått ei stavkyrkje. Kanskje kunne ei slik byggast opp att? På same staden er det betydelege fornfunn. I regional delplan har kyrkjestaden nasjonal verdi.

Ulukker. Det har vore mange triste ulukker både i Haramsfjorden og Nogvafjorden. Høge fjell gir kastevindar som kanskje gjorde seglbåtane vanskeleg å manøvrere. Dette er ein stor del av historia på kysten i Haram. Det seiast det var familiar der dei ikkje fekk begravd sine menn i generasjonar.

5.5 Lepsøy



Moenmuseet

Ekskursjon dit 24.4. 2018. Møte med lokalbefolkninga,

Prestegarden.

Den skriv historie si attende til 1589. I alt 25 bygningar her stod lenger etter 1800. Bauta utanfor med namn på prestar. Bustaden til presten vart flytta til Haramsøya på 1970-talet.

Moenmuseet.

Det starta i 1934 med jernvarer ved Nikka Moen landhandel på Lepsøya. Et par tiår seinare byrja butikken å selje dagligvarer. Tidleg på 70-tallet låste handelsmannen Ivar Moen døra. Han let alt stå. Varene i hyllene frå 50-, 60- og 70-tallet er flytta til kjellaren på Prestegarden saman med skomakarverkstad m.a.

Kulturstien på Lepsøya. Frå Ivergarden i Hellevika til Rønstad.

Området i Hellevika og kulturstien kan kanskje vere kandidat til ei omsynssone. Kulturlandskapet i Hellevika med fyret er unikt.

Den gamle kyrkjevegen frå Rønstad til Seth.

Kyrkja låg på Haram og vigringar måtte over to fjordar og eitt fjell for å døype borna sine.

Rodesteinar som byte mellom gardane ved m.a. bedehuset.

Mellom Farstad og Lausund og mellom Farstad og Rønstad mellom anna.

Kvernhuset på Seth i stein.

Listeførte tips:

- Bygdearkivet
- Demma

- Presteelva
- Steingardar
- Fyret
- Vørrar
- Torvmyra
- Radiohellaren/ Radiohåla
- Bedehuset
- Smia i Mikkeldgarden
- Storbåtkaia
- Skule og samfunnshus
- Sjurgarden
- Tømmer frå ungdomshus
- Plastteppefabrikk
- Gamle Sethsbrauta
- Eventyrskogen
- Mikkeldberget
- Smihellaren, Rønstad
- Løypestreng
- Gunna-Nils sin wankelmotor.
- Mjølkebukk
- Tørkeplassar for klippfisk

5.6 Brattvåg med Hildre

Hildrestranda

Vassrenne

I stein brukt til å føre vatn til tresking, kvern på Alvestadreiten.

Hildre kapell.

Kyrkjehistoriske minne av nasjonal verdi. Langkyrkje i tre frå andre kvartal av 1900-talet. Kyrkja frå 1934 er ei kyrkje etter 1850 med særleg høg verdi. Ei av 38 i Møre og Romsdal.

Jordkjellar på Hildre.

Brattvåg

Røra med vakuums tank

frå Synnalsvatnet til Brattvåg sentrum.

Kraftverket.

Hjulet der bygda vaks fram rundt ved Hatlehols.

Skjelt-Iverhuset

Skjelt-Iverhuset i Brattvåg har vore bustad og posthus. Det ligg som eit Komplett og Velhalde gardstun midt i bygda. Bauta over Iver og Anna Skjelten som dei første innbyggjarane i Brattvåg står ved huset.

Gamle realskolen.

Tennø-butikken

Tennø-butikken er eit handelsminne. Butikk og bustad frå første halvdel av 1900-talet. Minne frå første perioden med etablering i Brattvåg. Regional verdi. RD.

Tettstadsminne.

Diabellohuset. Bustadhus i Brattvåg frå første halvdel av 1900-talet.

Ulik industri. Hydraulik, Skipsen

5.7 Vatne –og Tennfjordområdet (Gamle Vatne kommune)



Pe-kvernhuset ved Tennfjordelva

Ekskursjon dit 5.2. 2019

Utvalde automatiske freda kulturminne

- Vatne Kyrkjestad (Arnegarden), tidfesta frå middelalderen
- Bautasteinar på Sjerdingen, tidsfesta frå Middelalderen
- Baraldsneset, funn frå steinalderen
- Tennfjordneset gravminne frå steinalderen

Område regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.

- • Fauskegarden på Vatne frå ca. 1880 (Tusenårsstaden)

Foreslått verna i regional delplan for kulturminne av Nasjonal verdi:

- Jordmorgjerdet på Vadset – Uviss tid

Foreslått verna i regional delplan for kulturminne Regional verdi:

- Oppdrettsanlegg på Eik i Vestrefjord , tidfesta til tidleg 1960 talet
- Sjøhusmiljø på Vatne , naust og sjøbu , uviss tid.
- Sjur garden i Vestrefjord, gardstun, uviss tid.
- Anders og Einargarden (fiskarbonden) på Skår, Uviss tid.

- Eikestølen i Vestrefjord (Sæterstøl) Uviss tid
- Vestresetra (Kystseter) ikkje tidfesta
- Kaffekvernfabrikken i Tennfjord (tidleg fabrikkbygning) ca 1900
- Vatne Kyrkje, langkyrkje i tre frå 1868
- Bauta på Krogsæter over flaumulykka i 1850
- Kanonbatteri på Helland frå 1940-45
- Vatne bru, kvelvingsbru i hoggen naturstein med tre løp frå 1926
- Postvegen på Vatneidet. Uviss tid.

Prioritet A i kulturminneplanen for Haram

Piperensarfabrikken

Ligg på Helland

Hustuffer på Helland

G.nr. 84. Gardstuffer frå jernalder/ middelalder. RD.

Anders- og Einargarden

Garden ligg på Skår og er eit Landbruksminne. Fiskarbonden. Regional verdi. RD

Naust og intakt gardstun ved enden av Fannevatnet, g.nr. 90

Kraftverket ved Johandammen frå 1911.

Gamlestova i Tuene

Gamlestova er frå 1868, med Tua-naustet. Huset er typisk for bygdene på denne tida. Stova med inventar er slik som den var , då Ingeborg døydde 1947. Står i fare for å gå tapt.

Vadset bru, Kvelvingsbru i naturstein. 1882.

Holehuset

Bygd i 1880, gammal skulestove som blei omgjort til bustadhus i 1880, stova var flytta frå Fiksdal.

Omsynssone/ vernesone

- • **Vatne** med mange kulturminne. Miljø med eldgamalt, grovtømra naust, restar etter bru (fundament i naturstein til trebrua over Oselva, brua var i bruk frå 1797 til 1926, møbelfabrikk m.m. ved utløpet av Vatneelva. Bruteig Konfeksjonsfabrikk , bygd i 1911, i drift fram til brannen i 1927. Murane med tak over står i dag.
- **Tennfjord** med mange kulturminne . Frå Johandammen med kraftverk, Kaffikvernafabrikk, kverner, mølle Sigurd-kraftverke, Jakobbuda, Eliasstabburet, bedehuset, Andersstabburet, ungdomshuset, Slyngstadliverkstaden, naustrekke , kai.

Listeførte tips Tennfjord og Vatneområdet:

- Kaffikvernfabrikken, tidleg industri, kraftverk m.m.

- Tanesteinen i Tennfjord ved Sigurdgarden, «Reist up at 1914»
- Ruinane av Blinde-Petterhuset der Johan Tenfjord starta
- Gamleskolen frå 1889

- Krigsminne/ bunkersar jf Sunnmøre i festung Norwegen (Flatmark, 1994)
- Mange gravhaugar,
- Det urørte elvedeltaet (andre stadar er det bygt rundt som Ørskog/ Ørsta)
- Postvegen Eidsvik-Os (ein av dei eldste på våre kantar)
- Vatne: kai
- Vatne: naustmiljøet
- Vestresætra: furuskog som hollendarane tok på 1600-talet
- Storbakken, Vatnedalen: Kolmile som laga knott. Sti ved kommunal garasje. Reinska heile sida med bjørk.
- Rodestein og gamleveg m bru over Remefjellet
- Eldste huset står nedanfor Vard og er i dårleg forfatning
- Bollerøysa i Eidsvik.
- Vatne: bauta ved Arnegarden
- Tingstova i Skåravika. 300 år. Snøskred 1697. Thomas bygde tingstove.
- Sjurgarden i Vestrefjorden er freda
- Kyrkjevegen frå Døsasetra via Ulstadvatnet og ned til Vatne
 - Hofset: rodestein. Rune Orvik.
 - Kyrkjeveg frå Vadset til Kyrkja på Vatne.
 - Kyrkjeveg frå Remme, Kyrkjeskardet
 - Grøt: løe av stein
- Småbåthamna i Orvika, rutebåtkai, naust
- Ulstadheia: steingard
- Hofsetsetra: murar, sel
- Skår: Steingard, naust, steinløer
- Skjeringen: bautasteinlokalitet frå middelalder. Automatisk freda med Nasjonal verdi

5.8 Hamnsund sokn

Innspel frå Sogelaget frå Hamnsund sokn, jf. ref frå møte i arbeidsgrupp



Bilde frå ekskursjon 23.4.201

I. DIVERSE KULTURMINNE

- A. Hamnsundhellaren,
- B. Bjørnøya kystbatteri
- C. Sjøbuer på Gamlem
- D. Prestekaia i Hamnsundet.
- D. Russisk grav på gravplassen i Hamnsund som framleis blir stelt.

KROGSETHAGEN/ HAGEN.

Delvis rehabilitert og oppgradert våningshus frå midten av 1800-talet i Krogsethagen, br. nr. 2, som i si tid vart tatt ned på Stranda, merka (synleg den dag i dag) og sett opp att i Hagen. Her møtte vi Leif Hovde som eig huset etter å ha fått det som testamentarisk gåve frå slektningen sin Peder Hagen. Foreldra til Leif – Signe Elise f. Thunem og Johan Ludvik Lauritsson Hovde - kjøpte tomt frå garden og bygde hytte nedanfor fylkesvegen. Farmora til Leif var frå Gjerset, Karoline Johansdr. og var syster til Peder Johanson Gjerset Krogsethagen som søkte kongen om å få skifte namn til Hagen.

Det er skifta tak og sett på ny utvendig bordkledning, og vindu. Den gamle vedbua er blitt bad. Leif Hovde seier at manglande finansiering set grenser for meir rehabilitering. Innvendig er huset inntakt, og særleg veggjar og golv er flotte å sjå på.

FREDHEIM/ PORSEN.

Vest for Karmanneset nedover mot sjøen. Stovehus og fjøs i eitt bygg frå 1880 (Ca), flytta frå Klokset, og der det vaks opp 10 ungar. Dette er br.nr. 3 i Krogsethagen, g.nr. 165. Plassen vart kalla Porsen i daglegtalen etter planteslaget pors som det var mykje av. Det skal ha vore flytta frå Klokset, g. nr 70. Det vart tatt ned, frakta til sjøen og fløta utover fjorden frå Tennfjorden. Driv fram til 1960-åra, og slått av naboen Peder Hagen til 1980-åra.

Iflg Kåre V. skal det finnast eitt anna hus til i området som har fjøs og bustad i eitt, nemleg på Remme ned mot Skulstadhavet.

Stabbur på Krogset frå 1880. g.nr. 166, br.nr. 1. Driveklepp

Vi stoppa og såg på stabburet i Pedergarden eller Utigarden som dei seier lokalt. Det var eit gammalt stabbur, med karakteristisk gammalt enkelt glas med innvendig jarngrind framføre (mot innbrot?), skråsaga og samanskjøytt bordkledning. Inntrykket var at det var eit sjeldan stort stabbur. Det var bygt på steinsette stolpar slikt at fuktigheit ikkje skulle slå opp frå grunnen, med ein vid stein som skulle hindre mus og skadedyr å kome seg inn til maten. Av same grunn var det ei opning på siste trinnet opp og inn i stabburet.

Det er brukt altre (inste delen av stokken), og det er trenagla. Det som var tømra isolerte. Ikkje bruk av

tømmer gjorde rommet kaldare. Det var mange gamle reiskapar i stabburet, som til dømes ei borkespade.

Sjøbu i Urkedalen

“Geir-Peder”-bua er i dag eigd av Egil Urkedal. Peder Urkedal og broren Ole sette opp sjøbua i to etasjar med ei lita kai framføre i 1915-1917. Det var heis til å ta opp fisken, som vart tatt opp frå båtane, i byrjinga var det berre ein båt «Geir» det vart tatt opp fisk frå. Peder Urkedal hadde 6 søner som alle var med denne båten på sjøen. Dettte tykte han var for mange av same familie på same båt. Det blei danna eit nytt rederi sin mekk båten «Seir» i 1919. Då var det to båtar som brukte denne sjøbuda. Det var fersk fisk som var flekt og salta i bua, der veggane enno ber preg av saltinga. I tillegg til at det vart salta fisk og tørka og tørka fisk rundt om på berga, var det og trandamperi i denne sjøbuda. Oddvar hugsar godt at ausa som var nytta til smaksprøver, hang der. I 1957 kom båten «Geir-Peder» til Grytastranda og ein av sønene til Peder Urkedal, Edvin Urkedal, vart skippar og reiar. Sonen til Egil Urkedal er eigar av sjøbuda no. Bua i dag framstår som eit lite museum med vegn og utstyr frå fisket gjennom generasjonar. Det var utruleg lærerikt å høyre Oddvar U. fortelje.

Setrestølen i Gjersetdalen.

Her har dei tre hovudbruka seter i sørvestenden av Gjersetvatnet. Jogarden lengst framme, Madsgarden i midten og Ellinggarden nærast bygda. Jogardsselet frå tidleg 1900-tal hadde bu over og fjøs under. No er der berre ein fint tilhoggen gråsteinsmur att. Det var setring der før dei tok til å overnatte rundt 1920. I eldre tid gjekk dei opp og ned morgon som kveld. Setringa tok først slutt i 1961, men det er framleis drift der gjennom eit felles beitelag. Det var med grunneigarane her dei i Brattvågen gjorde avtale om vassrettar og som danna grunnlaget for el-kraft og framvoksteren av industribygda Brattvåg. No seiast det at drifta av kraftverket skal leggest ned. Det betyr i så fall at vasstanden i vatnet på det jamne vil auke, til fordel for Gjersetdalen Villmarksområde som satsar på aktivitetar m.a. for handikappa her.

Det er restar av demning og reguleringsutstyr som vil vere naturleg å ha i auga som kulturminne. Særleg gjeld dette dei karakteristiske vassrøra frå Synnalsvatnet ned til kraftstasjonen i Brattvåg sentrum.

Sommarfjøsar:

Dei fleste gardane hadde sommarfjøs. Om våren var det ofte mangel på for og kyrne vart slept ut så tidleg som råd. Då var det veksande gras nedanfor utmarksgarden som kyrne kunne beite på. Då måtte dei ha kontroll på dyra og det fekk dei ved å ta dei inn i sommarfjøsane om kvelden når kyrne skulle melkast. Dei sto der heile natta. No er dei fleste sommarfjøsane borte, men i Hamnsund står ein sommarfjøs som enno er intakt. At dette betydde mykje for gardsdrifta er klart når ein ser kva arbeid bøndene la i dette. I Urkedal er nemleg muren til sommarfjøsane mellom 2 og 3m. høg.

Hamnsund kyrkje. Hamnsund kyrkje stod ferdig i 1875. Frå gamalt av tilhørde folket i Hamnsund sokn til Borgund kyrkje med ein lang og strabasiøs kyrkjeveg, med kryssing av to fjordar. Midt på 1800-talet ser ein at folk særleg frå dei inste gardane på Grytastranda drog til Vatnekyrkja og fekk døypt borna sine, men søknadar om overføring vart avslått. Dei som budd lengst ute på Gamlemshaug ville gjerne til Haram. I 1870 vart det bestemt at folket i Nordre Borgund skulle få si eiga kapellkyrkja i Hamnsund, og den vart vigsla 11.11. 1875. I 1997 vart kapellet oppgradert til kyrkje, fordi det var eit kyrkjehus som var brukt i eit definert geografisk område.

Første tida måtte dei likevel i båt for å nå kyrkja si. Vegen frå Grytastranda var ferdig først i 1881, medan vegen frå Søvika gjennom Uføra var ferdig så seint som i 1890.

Det er gitt mange gåver til kyrkja, og utført mykje arbeid av lokale handverkarar

Brusdalsgarden på Gamlem. Annlaug Brusdal Ness og mannen Oddbjørn Ness møtte oss og fortalde om denne praktfulle eigedomen på Gamlem, som var handelsstad i borgartida. Karolus Brusdal kom til bygda som lærar omkring 1865, i tillegg til å vere kyrkjesongar i Hamnsundkyrkja.

Bautaen etter Palmar Bjørnøy

Palmar («Palmer») Olavson Bjørnøy (født 12. desember 1918 på Gamlem, død 30. november 1996) var ein norsk maskinist, motstandsmann og

forretningsmann som etter krigen starta bedrifta Pyro. Han er mest kjent som medlem av Shetlandsgjengen. Bjørnøy blei tildelt Krigskorset, Norges høgaste utmerking, for innsatsen sin under den andre verdenskrigen. Han rømde til Storbritannia i 1941 og deltok på 54 farefulle turar til Norge under krigen som høgare handa åt Shetlands-Larsen.

Det kom opp minnestøtte i 2000, reist av Vatne Tennfjord Rotaryklubb.

«Smia hans Smed-Anfin» Smeden Anfinn Jensson Gamlem (1852-1937) levde her saman med systera Marta Gamlem (1857-1927). Dei var oldeborn av lensmann Peder Ingebrigtsen. Vi vart mottatt og vist rundt av Sigmund Gamlem f. 1943, som eig bruket og har restaurert den gamle smia som var arbeidsplass for far hans, Elias. Sigmund har også tatt vare på reiskapen, og har skifta handtak, skaft og delar om det trongst.

Anfinn var snikkar og smed, som stort sett laga verktøyet sitt sjølv. På gardane fins enno ting som han laga; gardsreiskapar, husgeråd, hjulskoningar, selety og verkty av ulikt slag. Smia var starten for Pyrofabrikken.

Den gamle smia er flott restaurert og tatt vare på.

Lepsøyrevet fyr m/naustet. Her var det Arthur Stokke som tok i mot oss og som fortalde. Lepsøyrevet fyr er eit ledfyr som blei oppretta i 1879 i enden av ein lang molo. Det blei avfolke og automatisert i 1956 og sløkt i 2014. Før fyret ble tent låg det første fyrskipet i landet i leia utanfor revet. På grunn av Lepsøyrevet som strakte seg over sundet mellom fastlandet og Løvsøya kunne skip berre passere en smal og grunn renne i revet.

Fyrkommisjonen var bekymra for skipstrafikken på grunn av forholda her og fyrskipet ble plassert her i 1856. Fyrskipet sleit seg derimot fra fortøyingane i ein storm allereie i 1857 og skroget fikk så store skadar at skipet ble kondemnert. For å stå av vinterstormane blei det derfor plassert eit større fyrskip på samme plass. Det nye fyrskipet lyste opp første gong 8. januar 1858 og var i bruk fram til 1867 da nok et nytt skip tok over. Skipet hadde ein fyrvoktar, tre menn og en gut. Sidan det var dyrt å holde

fyrskipet i drift og det barre blir rekna å ha ei levetid på 8-10 år foreslo en å byggje eit fyr på fastlandet.

Fyret ble bygd ytterst på ein 220 meter lang molo. Fyret inneheldt også bustaden til fyrvakteren og familien hans. På land sto naust, uthus og fjøs. Fyret blei tent i 1879 og fyrskipet ble avbemannet og solgt. Fyret fikk elektrisk straum i 1930. Under den andre verdskrigen blei fyret angripe av allierte fly to gonger i 1944 og sterkt skadd. Fyret ble automatisert og avbemannet i 1956.

i 2009 begynte foreininga Lepsøyrevets Fyrvenner oppussing av fyret. Blant anna blei vinduene sett inn att - desse blei murt igjen då fyret ble avbemannet i 1956. Alt av interiør måtte skiftast ut då vasslekkasje opp gjennom tida hadde ført til omfattende roteskade. Utvendig stod Kystverket for renovasjonen. Oppussinga stod ferdig i 2014 og fyret kan nå leigast ut til grupper eller einskildpersonar.

Skipsleia gjennom Lepsøyrevet var ferdig oppmudra og merka i 2012. Det førte til at Lepsøyrevet fyr blei nedlagt 29. januar 2014.

5.9 Statuar, relieff m.m.

Kven vi heidrar og minner kan seie noko om kva samtida har vurdert det som viktig å minne og verdsetje. Men dette er det ulike tankar om. T.d. er flaumkatatrofen på Krogssætra gitt ein eigen bauta, men ei liknande katatrofe i Tennfjord på 1600-talet er ikkje det. I Ålesund kommune har dei eit register for alle slike minnesmerke. Det skulle Haram også hatt.

Denne oversikta er ikkje komplett.

- Monument over Ingebrigt Davik v Ingebrigt Davikhuset
- Kjenslekvinnna i Samfjordkvartalet/ Brattvågsenteret. Fiskevegn.
- Minne om dei første i Brattvåg ved Skjelt-Iver-huset.

Brattvåg vart busett 17. mars 1912. Då flytte Anna og Iver Skjelten inn i huset dei nett hadde bygd seg i det som då heitte Brattholmvågen. Etter at dei hadde fått bygd kraftverk, bygde dei sildoljefabrikk, guanomylna og jodfabrikk.

Seinare flytte slektningar av Ivar Skjelten til. Dei hjelpte til med industrialiseringa. Åtte år etter det fyrste huset vart bygd var det 22 verksemder i Brattvåg.

- Skulptur i Brattvågparken.
- Bautastein over Olaus Alvestad på Hildrestranda, reist i 1906.

«Lærer Olaus Alvestad 1866-1903. Reist av Hildrestrandiane i 1903. Han var lærar og folkeopplysningsmann ein kulturspreiar.

- Palmar Bjørnøy (1918-1996)

Shetlandsveteran med 54 turar over Nordsjøen og som er ein av dei mest dekorerte:

- Krigskorset med sverd.
- St. Olavsmedaljen med eikegrein.
- Kong Haakon VII-minnemedalje
- Atlantic Star-medaljen
- Deltakermedaljen
- Baustastein inst i Søvika over ein stormann/ hovding.
- Vatne/ Tennfjord
 - Industrigrûndar Johan Tenfjord. Tennfjord. Tavle. Relieff. Ved VARD Electro.
 - Krogreset. Tavla på grensa mellom Sunnmøre og Romsdal. Riksgrense. Fogderigrense etc.

- o Krogsætra. Minnestein over dei som kom bort i flaumen
 - o Minnestein v/ Vatne kyrkje nord, flaggstong ved hovudinngang: dei som har kome bort på sjøen.
 - o Minnestein ved Vatne kyrkje vest: Dei falne under krigen.
 - o Minnestein ved Arnegarden på Vatne: over den gamle Mariakyrkja.
 - o Tanesteinen i Tennfjord.
- **Nordøyane**
 - o Lepsøy. Minneplate på stein ved Prestegarden over prestar i Haram sokn
 - o Lepsøy: Bautastein over Knud Leem (1697-1774) professor, språkmann og lappolog vart fødd og vaks opp her
 - o Lepsøy: bauta på gravstaden
 - o Haram stavkyrkje/ gamle kyrkjegard. Minneatvle.
 - Innbyggjarane på Haram sette opp eit monument der ein meinte at stavkyrkjetuftene var. På koparplata står: I kristen tid lagdest federne her til 1838.» Haramsgarden sette dette minnet i 1928.
 - o Bauta over samfunnsrefsaren Olaus Fjørtoft (1847-1878) på heimegarden på Nogva Flemsøy Skuløy.
 - Det står også ein bautastein over Olaus Fjørtoft på Vår Frelzers gravlund i Oslo
 - o Minnestein over Tomas Longva (1589-1681) på Longva. Storeggjafisket.
 - o Gravstein over studenten, salmediktaren og forfattaren Ludvig Uri på Haram kyrkjegard, reist av ungdomslaget Framhald i 1908
 - o Fjørtoft: minneplate ved Otterlei skule



Minnetavle over industripioneren Johan Tenfjord

6. Kjelder

Kvar finn vi informasjon om fortida?

I Haram har vi tre sogelag: Haram kulturhistoriske lag, Vatne sogelag og Sogelaget for Hamnsund sokn. I fram under 150 bøker og årsskrift med fleire tusen artiklar, ligg det eit enormt lokalhistorisk materiale.

Marius Rogne gav i 1947 ut «Haram Bygdebok» som vart oppattrykt i 2006. Vatne bygdebok kom ut i 1980 i to bind og omfattar heile gamle Vatne kommune, utanom den delen som i 1965 gjekk til Misund kommune.

Bygdebok for Haram er komen i tre bind; Grytastranda i 2011 (1), Hamnsund og Søvik i 2016 (2a) og Gamlem til Store Kalvøy også i 2016 (2b). Bygdebøkene med gard- og ættesoge for Nordøyane, Hildrestrand og Brattvåg er i arbeid.

Økonomisk kartverk gjennomførte på 1970- og 80-talet ein storstilt gjennomgang av alle automatisk freda kulturminne og Per Fett var grunnlagsmateriale i mange av kommunane i Møre og Romsdal.

Av andre skrivne kjelder vi kan gå til for å gjere oss kjend med vår lokale historie, kan nemnast: Hans Strøm: «Beskrivelser over Fogderiet Søndmør», Eilert Sundt. Av lokale forfattarar kan nemnast bl.a. Harald B. Haram, Rolv Rørhus, Johan Kåre Tenfjord og Lars Hatlehol.

Kyrkjebøker

Jordebøker

Folketeljingar

Skattelister

Stadnamnarkivet

Askeladden

SEFRAK

Regional delplan

Registrerte forminne i Haram, Bergen/Brattvåg 1992, Kompendium om aut. freda kulturminne

Borgund og Giske I-IV, Bergen 1957

7. Ord og omgrep brukt i kulturminnevernet

Ordforklaringar (nynorsk). Henta frå regional delplan

Ordforklaringar er ei alfabetisk liste med forklaring på sentrale ord som ofte blir brukt i kulturminneforvaltinga.

Anlegg

Omgrepet vert brukt innan kulturminneforvaltinga om ei gruppe bygningar med tilhøyrande areal, for eksempel gardsanlegg, byanlegg eller fabrikkianlegg. Det vert og brukt om byggverk og konstruksjonar som ikkje nødvendigvis inkluderer bygningar, for eksempel veg, bru, tunnel eller grøntanlegg. Når det gjeld arkeologiske kulturminne ligg anlegga ofte under markoverflata.

Antikvariske retningsliner

Retningsliner som ein skal følge ved tiltak på verna kulturminne. Dei kan vere overordna og generelle, og/eller utforma spesielt for kvart enkelt kulturminne. Retningslinene kan for eksempel innebera krav om bruk av tradisjonelle materiale, utføring og teknikkar og bruk av handverkarar med kunnskap om arbeid med verna kulturminne. I tillegg kan det vere avgrensingar på kva som kan skiftast eller verta fjerna frå kulturminnet.

Arkeologisk kulturminne

Fysiske spor og leivningar etter tidlegare tiders liv og arbeid, der utgraving og dokumentasjon utgjer hovudkjeldene til kunnskapen vår om og oppleving av fortidas samfunn.

Autentisitet

Autentisitet er eit omgrep som blir bruk om kor ekte og /eller opprinneleg objektet er.

Autentisitet må alltid sjåast i forhold til noko, for eksempel tidsperiode, stilart, materialbruk eller byggemåte.

Automatisk freda kulturminne

Eit kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak.

Kulturminne som er automatisk freda:

- faste kulturminne frå før 1537
 - samiske faste kulturminne frå år 1917 eller eldre
 - ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649
 - faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946. I tillegg er det vedtak for nokre typar kulturminne. (Sjå svalbardmiljølova)
(Skipsfunn eldre enn 100 år er verna etter eigne reglar i kulturminnelova.)

Bergkunst

Bilete og symbol som er hogde, slipte eller måla på berg. Bergkunst finn vi i Noreg som helleristningar, slipte bergbilete, hole- eller hellemåleri.

Bevaringsverdig kulturminne

sjå Verneverdig kulturminne.

Dispensasjon

Fritak frå i eit enkelt tilfelle å følgje ei lov, eit vedtak eller ei forskrift. Innan kulturminneforvaltinga inneber dette:

- dispensasjon frå automatisk freding, dvs. at det vert tilate inngrep i eller ved det automatisk freda kulturminnet
- dispensasjon frå vedtaksfreding, dvs. at det blir gjort unnatak frå fredinga for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i kulturminnet
- dispensasjon frå vern gjennom plan- og bygningslova, dvs. at kommunane gjer unnatak frå planavgjerder om vern

Fast kulturminne

Nemninga blir brukt om kulturminne som er jord- eller stadfaste. Funn av gjenstandar inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Forskriftsfreda kulturminne eller kulturmiljø

Nemninga blir brukt om kulturminne som er freda ved forskrift og ikkje ved enkeltvedtak.

Dette gjeld bygningar og anlegg som er omfatta av ein statleg verneplan, og som var i statleg eige då dei vart freda. Dette gjeld og kulturmiljø.

Forskriftsfreding er ein enklare prosedyre enn freding ved hjelp av enkeltvedtak.

Freda kulturmiljø

Eit kulturmiljø som myndighetene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida.

Ei freding er den strengaste forma for vern. Freding vil seie at inngrep/endingar må

godkjennast av myndighetene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er kulturminnelova og svalbardmiljølova.

Freda kulturminne

Eit kulturminne som myndighetene gir så stor verdi at det må sikrast for ettertida. Eit freda kulturminne er automatisk freda eller vedtaksfreda.

Ei freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at inngrep/endingar må godkjennast av myndigheitene. Lovene som blir brukte ved freding i dag, er kulturminnelova og svalbardmiljølova.

Grøntanlegg

Areal som hovudsakleg er opparbeida med vegetasjonsdekte flater, mellom anna for sport-, rekreasjon- eller prydformål.

Immateriell kulturarv

Immateriell kulturarv betyr praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. For kulturminneforvaltinga er den immaterielle kulturarven knytta til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.

Istandsetjing

Reparasjonsarbeid for å få ein bygning, del av ein bygning eller eit anna objekt opp på eit ordinært vedlikehaldsnivå, slik at berre vanleg vedlikehald vil vere nødvendig seinare. Ei antikvarisk istandsetjing inneber at reparasjonen blir basert på bruk av materiale og teknikkar tilpassa bygningen eller anlegget sin eigenart.

Konservering

Konservering av eit kulturminne tyder at ein sikrar det så godt som mogeleg mot øydeleggingar, ved å stabilisere tilstanden til kulturminnet. Øydeleggingane kan vere på grunn av naturleg nedbrytning eller menneskelege inngrep. Omgrepet vert ofte brukt for arkeologiske funn, kunstverk og dekor. For bygningar brukar ein vanlegvis istandsetjing.

Krigens kulturminne

Materielle og immaterielle kulturminne etter andre verdskrig og okkupasjonen.

Kulturarv

Samlenamn for materiell og immateriell kultur.

Namnet kulturarv blir særleg brukt i samarbeidet mellom kulturminneforvaltinga, arkivverket og museumssektoren, saman med kommunane og lokale lag og foreiningar.

Kulturlandskap

Alt landskap som er påverka av menneske. Ordet blir brukt når det blir fokusert på den menneskelege påverknaden av landskapet, og særleg ofte om jordbrukslandskap.

Kulturmiljø

Eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø.

Kulturmiljø kan for eksempel vere eit byområde, ei setergrend, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader.

Kulturminne

Kulturminne er alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne.

Kulturminne kan for eksempel vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristingar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Vi skiller mellom lause og faste kulturminne.

Kulturminneverdi

Verdi som blir tillagt eit kulturminne. Forvaltninga, organisasjonar, eigarar, brukarar eller andre kan vurdere kulturminnets verdi på ulike måtar. Verdivurderinga kan endrast over tid.

Kulturminneforvaltinga deler gjerne verdiane inn i tre grupper: kunnskapsverdiar, opplevelsesverdiar og bruksverdiar.

Landskap

Samlenamn på våre omgivelser som ligg utandørs, både naturgitte og menneskeskapte. Landskapet er forma av samspelet mellom mennesket og naturen. Namnet omfattar alle typar landskap, som for eksempel jordbrukslandskap, industrilandskap, kystlandskap, bylandskap og fjelllandskap.

Laust kulturminne

Nemninga blir brukt om kulturminne som er flyttbare.

Listeført kulturminne

Eit kulturminne som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte.

Eksempel på listeføring er NB!registeret, Liste over særleg verneverdige kyrkjer, Landsverneplanenes verneklasse 2, Fartøyvernlista og Gul liste frå Byantikvaren i Oslo.

Lokal verdi

Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til lokal verksemd og historie.

Eit kulturminne av lokal verdi kan også få regional og/eller nasjonal verdi.

Miljøovervaking

Ei systematisk innsamling av data ved hjelp av etterprøvbare metodar, som baserer seg på hypotesar om samanhengen mellom årsak og verknad. Overvakinga omfattar både påverknad, effektar og miljøtilstand. Målet er å dokumentere miljøtilstanden og utviklinga av denne.

Motsegn

Riksantikvaren, fylkeskommunane, Sametinget og ei rekkje andre styresmakter kan fremje motsegn, det vil seie ein protest eller innvending mot forslag til arealplanar etter plan- og bygningslova. Så lenge det finnest ei motmæle, kan kommunen ikkje vedta endeleg plan.

Nasjonal interesse

I kulturminneforvaltninga blir omgrepet særleg brukt i verdisettingsprosessar i arbeid med plan- og bygningslova. Det markerer at kulturminneverdiar på nasjonalt nivå kan vere involvert.

Nasjonal verdi

Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til viktige fasar og forhold i landets historie. Eit kulturminne av nasjonal verdi kan også få regional og/eller lokal verdi.

Naturlandskap

Omgrepet blir brukt om landskap med liten grad av menneskeskapt påverknad. Nemninga blir også brukt når ein ynskjer å rette fokus mot landskapets geologiske og biologiske innhald.

Nyare tids kulturminne

Kulturminne som er datert til 1537 eller seinare. Ei anna nemning som òg kan brukast, er etterreformatorisk kulturminne.

Regional verdi

Verdi som blir tillagt kulturminne eller kulturmiljø knytt til regional verksemd og historie.

Eit kulturminne av regional verdi kan også få nasjonal og/eller lokal verdi.

Representativitet

At eitt eller eit utval kulturminne er representativt, betyr at det er typisk eller karakteristisk for ei større gruppe kulturminne. Omgrepet blir brukt ved samanlikning med andre kulturminne.

Restaurering

Restaurering tyder å heilt eller delvis tilbakeføre ein bygning eller gjenstand til ein tidlegare tilstand.

Ved restaurering må ein velje kva tidspunkt kulturminnet skal tilbakeførast til. Det kan vere slik det var då det vart laga eller oppført, slik det var på eit seinare tidspunkt eller ein kombinasjon av ulike stadium.

SEFRAK-bygning

Nemninga blir brukt om bygningar som blei registrerte i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900, men i enkelte område vart grensa sett noko lenger fram i tid, for eksempel i Finnmark (alle bygningar før 1945.) Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

Sikring

Sikring vil seie alle tiltak for å verne kulturminne og kulturmiljø mot skade og tap. Sikring kan mellom anna dekkje istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel, dokumentasjon og juridiske tiltak. Sikring kan og skje ved arkeologisk utgraving for å ta vare på kunnskapsverdien til kulturminnet.

Skipsfunn

Nemninga blir brukt om gamle båtar som er meir enn hundre år gamle, skipsskrog, tilbehør, last og alt anna som har vore om bord.

Skipsfunn er verna etter egne reglar i kulturminnelova.

Skjøtsel

Regelmessig vedlikehaldstiltak, for eksempel pleie av vegetasjon for å ta vare på eit kulturminne og/eller eit kulturmiljø. Vedlikehald av eventuelle skilt, stiar og rampar går òg inn i skjøtselomgrepet.

Tiltakshavar

Ein tiltakshavar er den som har det overordna juridiske ansvaret for gjennomføring av tiltak.

Universell utforming

Innan kulturminneforvaltninga inneber universell utforming at kulturminnet blir gjort tilgjengeleg for flest mogeleg. Dette inneber tilrettelegging for besøk og/eller tilrettelagt formidling av kulturminnet sin kunnskaps- og opplevingsverdi.

Vedlikehald

Rutinemessig arbeid for å hindre forfall på grunn av jamn og normal slitasje.

Vedtaksfreda kulturminne

Eit vedtaksfreda kulturminne blir i dag freda gjennom vedtak etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova. Vedtaksfredingar etter kulturminnelova kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og farty.

Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova kan omfatte kulturminne yngre enn 1945.

Verdsarv

Kulturarv og/eller naturarv som er innskrevet på UNESCO si verdsarvliste. Verdsarvstadene utgjer ein felles arv som er umissande for menneske, på tvers av landegrensene.

Verdiskaping

Verdiskaping er bruk av kunnskap, kapital og/eller arbeid med føremål å skape økonomiske verdiar. Meir presist vert omgrepet verdiskaping brukt om den verdiøkinga eit (uferdig) produkt eller ei teneste får i kvart ledd av produksjonsprosessen eller verdikjeda, der verdiskapinga er tilleggsverdien kvart ledd, eller kvar verksemd, gir produktet eller tenesten.

Verna kulturminne

Eit kulturminne som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er kulturminnelova, plan- og bygningslova, kyrkjelova, svalbardmiljølova og naturmangfaldlova. Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, kyrkjerundskrivet, avtaler, listeføring, tilskotsordningar med meir.

Verneverdi

sjå Kulturminneverdi.

Verneverdig kulturminne

Eit verneverdig eller bevaringsverdig kulturminne er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukte om kvarandre.

Dei mest verneverdige kulturminna er av nasjonal verdi. Det er fyrst og fremst desse som blir freda etter kulturminnelova.

Kulturminne kan også ha regional eller lokal verdi . Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av plan- og bygningslova.

Ein annan måte å markere at eit kulturminne er verneverdig på, er listeføring.

Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.

KULTURMINNEPLAN FOR HARAM HANDLINGSPROGRAM 2020-2024



Kvernhus langs Tennfjordelva

Kultur er et helt samfunns identitet, det er ryggraden i et folk.

Tor Åge Bringsværd

Innhold

Del 2	5
1.Føreord	5
1. Handlingsprogram for kulturminnearbeidet i Haram 2020-24	7
1.1 Innleiing	7
1.2 Utveljing av kulturminne med handlingsprogram	7
1.2.1 Museum	8
1.2.3 Oppfølgingspunkt frå handlingsdelen (Riksantikvaren)	8
2.Fjørtoft	9
2.1 Unik samling – unik skule gbnr. 4/15	9
2.2 Spor før Storeggaraset Dysvika gbnr. 4/1	10
2.3 Båt frå Vikingtida gbn. 3/25	11
2.4 Mekanisering av fisket smie og slipp gbnr. 3/20	11
2.5 Bryneberget gbnr. 3/136	12
2.6 Uprioritert liste Fjørtoft	12
3. Flemsøy/Skuløy	13
3.1 Gunnabuda- Fiskerihistorie gbnr. 8/7	13
3.2 Minnestein-Fiskeri gbnr. 8/7	14
3.3 Samfunnsrefsar og reformator gbnr. 6/3 i bytte med 6/4	14
3.4 Ungdomslaget Fram gbnr. 7/36	15
3.5 Andre minne på Flemsøy/Skuløy	16
4Haramsøy	16
4.1 Ulla	16
4.2 Orgelfabrikk gbnr.11/399	17
4.3 Kyrkjehistorisk	18
4.3.1 Haram Kyrkje gbnr. 11/82 og 195	18
4.3.2 Kyrkjestad Gnr.14	18
4.4 Andre tips på Haramsøy	18
5.Lepsøy	19
5.1. Kultursti	19
5.2Prestegarden gbnr.17/120	20
5.3Moenmuseet gbnr. 17/120	21
5.4Andre tips frå Lepsøy	22
6Brattvåg med Hildre	22
6.1Hildrestranda	23
6.1.1 Vassrenne gbnr. 26/9	23
6.1.2 Jordkjellar gbnr.23/6	23
6.1.3 Hildre kapell	24

6.1.4 Dampskipskai gbnr. 25/1 og 25/3	24
6.2 Brattvåg	25
6.2.1 Røra med tank Gbnr. 28/830	25
6.2.2 Brattvåg Vassverk Gbnr. 28/830	25
6.2.3 Skjelt –Iver huset gbnr. 29/2	26
6.2.4 Skulebygg Gbnr. 28/38	26
6.2.5 Butikk gbnr. 28/94	27
6.2.6 Diabellohuset	27
6.2.7 Industri	27
7 Vatne- og Tennfjordområdet - Gamle Vatne kommune.	27
7.1 Helland	28
7.1.1 Piperensefabrikk Gbnr.84/6	28
7.1.2 Fangeleir Gbnr. 84/6	28
7.2 Vatne og Tennfjord	29
7.2.1 Kraftverk gbnr. 72/2	29
7.2.2 Kulturmiljø i Tennfjord	29
7.2.3 Steinbru Gbnr. 71/1 i dagens Haram, 50/4 i dagens Skodje	30
7.2.4 Kulturmiljø Vatne	31
7.2.5 Hus frå det året kyrkja på Vatne vart bygt Gbn. 72/54	31
7.2.6 Holehuset gbnr.102/3	32
7.2.7 Gardstun/miljø gbnr. 90/1	32
7.2.8 Utvalde automatiske freda kulturminne	32
2.7.9 Områder regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.	32
2.7.10 Foreslått verna i regional delplan for kulturminne av Nasjonal verdi:	32
2.7.11 Foreslått verna i regional delplan for kulturminne Regional verdi:	32
2.7.12 Listeførte tips kulturminneplan Tennfjord Vatne. Ikkje prioritert.	33
8 Hamnsund sokn	34
8.1 Grytastranda	34
8.1.1 Hus på Krogsethagen gbnr. 162/2	34
8.1.2 Hus og Fjøs i eitt Gbnr.165/3	35
8.1.3 Stabbur Gbnr. 166/1	35
8.1.4 Sjøbu Gbnr. 176/71	36
8.1.5 Seter Gbnr. 168/1 og 2	36
8.2 Hamnsund	37
8.2.1 Kyrkje Gbnr. 174/12	37
8.3 Gamlem - Bjørnøy	37
8.3.1 Brusdalsgarden	37
8.3.2 Minnesmerke Gbnr. 176/31	38

8.3.3 Handverkstradisjonar	38
8.3.4 Kystkultur Gbnr. 177/5	39
8.3.5 Krigsminne.	39

Del 2

1. Føreord

«Med kulturminne meiner ein alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Med kulturmiljø meiner ein område der kulturminne inngår som del av en større heilskap eller samanheng.»

Dei aller fleste spor etter menneska blir borte. Riksantikvaren har lenge hatt som mål at ikkje alt må gå tapt. Vi må ha att litt så dei som kjem etter oss veit kven dei var, dei som levde og strevde før dei. Snart blir Haram kommune borte som administrativ eining. Ålesund kommune oppstår, og dagens kommune blir delt i fire kommunedelar.

Derfor er det kanskje fem på tolv med ein kulturminneplan i ei av dei mest spennande, men lågmælte kommunane langs kysten vår. I arbeidsgruppa har vi tenkt første generasjon plan og vi har tenkt lettlest. Dei som søkjer ein fagleg supertung plan med noter og referansar i hopetal, må nok vente til neste generasjon plan.

Det kan skrivast mykje om topografien og om geologien i Haram, om vêrlaget, om fauna og flora og om ei kulturhistorie som har gitt bøker på bøker, og som sikkert vil føre til mange nye. Arbeidsgruppa ventar spent på gards- og ættesoga for øyane våre og for Brattvåg. Når dei bøkene er ferdige, er i alle fall gards- og ættesoga i Haram og ein del av kulturhistoria vår samla mellom stive permar. Kulturminna våre er viktige kjelder til forståing av historia, eigne røter og identitet. For at flest mogleg av innbyggjarane i fylket skal få kjennskap til historia si, knyte kontakt til røtene sine og oppleve sterk lokal identitet er kjennskap til kulturminna rundt oss viktig. Aakre bedehus vart opna på Sunnmøre Museum i 2019, og det vart sagt at dette var den første bygninga frå Haram som kom dit. Men eit åtringsnaust vart flytta frå Holmeset til Sunnmøre Museum og sett opp der i 1988. Dette var truleg den første bygningen frå Haram som vart flytta til museet vårt.

Då vi starta arbeidet med kulturminneplanen, tenkte vi oss ei oversikt over alle kulturminne i Haram. Det er vel ambisiøst, men vi trur vi har kome over nokre viktig objekt spreidd rundt om i kommunen vår. Lista over kulturminne er ikkje komplett eller utfyllande, men vi vonar at denne første kulturminneplanen skal vere ein dynamisk plan som både fangar opp nye objekt og som kan endre vurderingane av kva som til ei kvar tid skal ha lokal, regional og nasjonal verdi.

Rulleringar av planen med visse mellomrom er difor naudsynt og det må vere rom for å legge til og kanskje trekke frå. Det er gjennom vedteken handlingsplan vi gjennomfører planen. Planen vil bli lagt til grunn for anna kommunal planlegging.

Vi har mange å takke for hjelpa. Nokre få skal nemnast med namn: Håkon Bjørnøy og Oddvar Urkedal, i sogelaget for Hamnsund sokn, Beate Amalie Kjerstad og Magne Kjerstad på vegne av fleire på Lepsøya, Per Bjørkevoll i Vestrefjorden og Liv Longva Nilsen på Fjørtofta.

Haram 24. juni 2019

Arbeidsgruppa for kulturminneplan i Haram

Julianne H. Aakre

Norvald Lausund

Edel Tolås

Sindre Rogne

Kåre Vatneødegård

Per Hånes


Elin-Grete Vatnehol

Arnt-Ove Tenfjord

- Skaper forutsigbarhet for forvaltning, eiere og utbyggere» (Riksantikvaren på eit seminar om kulturminne på Molde 20. 02. 2019)

Haram



Land	 Norge
<u>Fylke</u>	Møre og Romsdal
Status	Kommunedel i Ålesund
<u>Innbyggernavn</u>	Harams-mann / Harams-kvinne
<u>Adm. senter</u>	Ålesund/Brattvåg
<u>Areal</u>	
– Totalt	261,13 km²
– Land	254,3 km²
– Vann	6,83 km²
<u>Befolkning</u>	9 345
<u>Kommunenr.</u>	1534
<u>Målform</u>	Nynorsk

1. Handlingsprogram for kulturminnearbeidet i Haram 2020-24

1.1 Innleiing

Målsetjinga med denne temaplanen er å få ein så god oversikt som mogleg over kulturminne i kommunen og gjere ei første prioritering over kva som kan vere viktig og riktig å ta vare på.

Ei slik oversikt over kulturminne skal brukast slik at ein kan få til gode sikring-, skjøtsels- og gjennomføringstiltak samt god bruk av kulturminne i kommunen.

Arbeidsgruppe vil tru at bydelane vil få eit auka ansvar for dette, men her er mange skjer i sjøen. Prioritering og midlar er to enkle faktorar som vil ha mykje å seie. Men planen skal gjere det enklare å prioritere bruk av ressursar til slike tiltak.

1.2 Utveljing av kulturminne med handlingsprogram

Målsettinga til Riksantikvaren er som nemnt at 90 prosent av kommunane i landet skal ha ein kulturminneplan innan 2020 og at tapet av kulturminne skal minimaliserast. Og at kommunen er sentral i kulturminnearbeidet

«Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljøa skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følgje av at dei blir fjerna, øydelagt eller forfell, skal minimaliserast.

Innan 2020 skal tapet ikkje overstige 0,5 prosent årleg. Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredda i dei varig verna kulturminna og kulturmiljø skal bli betre, og et representativt utval skal være freda innan 2020.» (Stortingsmelding 16, 2004-2005)

Nedanfor har arbeidsgruppa gjort eit forsøk på å velje ut kulturminne i Haram på basis av dei kriterium som Riksantikvaren skisserer; kunnskapsverdi, opplysningsverdi og bruksverdi.

Vi har identifisert fleire hundre objekt som det går fram av tidlegare kapittel og vedlegg, men om lag 50 av dei vil bli løfta fram i denne lokale kulturminneplanen.

Det er kanskje ein søkt måte å seie det på, men dei 50 kulturminna utgjer berre eitt kulturminne per 5 km². Det er 272 menneske per km² på det landarealet Haram utgjer i dag.

Ei av dei oppgåvene vi har fått, er at nye kulturminneobjekt frå vår næraste historie skal leggest inn i Askeladden, som er ein digital og nasjonal kartløyning. Det er også ope for publikum. Av dei kulturminna som er nemnt i planen, er ein del allereie registrert der. Dette må gjennomførast som eigne prosjekt. Ein vil trenge folk med fagkunnskap og difor må det søkjast om eigne midlar til slike prosjekt.

Dette vil vere ei naturleg ny fase for kulturminneplanen og kulturminna i Haram. For å gjere dete arbeidet meir overkomleg har vi leita fram og skreve ned gbnr. på dei fleste kulturminna, i tillegg har vi lagt inn eit kartutsnitt på fleire av dei. Dette er satt inn i ein tabell som ligg som ei oppsummering. Oppsummeringstabellen ligg som eit vedlegg. Sogelaga som har vore med i arbeidsgruppa er villig til å bidra med plassering av kulturminne, det er dei som set med lokalkunnskapen.

Vi har fått spørsmål om vi i oppsummeringa også kunne legge inn ansvar for gjennomføring av tiltak og sette ned ei kostnadsramme. Før ein kjem så langt må ein få til ei forankring av kulturminneplanen og forståelsen for den. Sjølv om vi har arbeidd breidt gjennom medvirkning, er det likevel eit stykke å

gå. Mange av kulturminna er på private hender og det blir viktig å motivere disse til å ville bevare. På same måten er kulturminne som høyrer til eit lokalsamfunn som tusenårstadane og kulturmiljø som langs Tennfjordelva, Vatneelva og ute på Ulla viktig å forankre i dei lokale frivillige bygdelaga. Det er gledelig at Tennfjord nett har stifta eit bygdelag. At kulturminneplanen er ferdigstillt betyr ikkje at kommunen kan sleppe den. Det er no arbeidet byrjar og utfordringa blir gitt vidare til kulturtalet og det nye kommunestyre om å vedta politikk for korleis vi i fellesskap skal ta vare på kulturminna våre.

Overordna tiltak for kulturminna i komande prosjekt og fasar.

1. Registrering.
2. Digitalisering.
3. Forankring og ansvarlegjering.

1.2.1 Museum

Ei langsiktig mål for Haram må vere eit museum, der den rike Haramshistoria, fiskarbonden, kvinnene, konfeksjonsindustrien, møbelindustrien. Den maritime industrien m.m. blir synleggjort og formidla.

Eit gjennomgripande tema i Haram er den maritime utviklinga. Slagordet i Haram har lenge vore « Den leiande maritime industrikommunen». For å samle maritime kulturminne som er spreidde rundt i heile Haram kommune, ser arbeidsgruppa at å samle det under eit eige tak kan vere måten å gjere det på. Vi ønskjer derfor eit museum med fokus på bl.a. industriutviklinga velkome, kvinners rolle i både industri og samfunnsliv. Arbeidsgruppa antydgar at Søvikområdet kan vere den rette staden fordi det her mellom anna er eit sterk, engasjert og drivande miljø for lokalhistorie.

At lause kulturminne og immaterielle kulturminne frå Vågholmbua, «Geir-Peder»-bua, Tennfjord og Vatne t.d. kan finne sin plass og bli tatt vare på, og bli formidla til neste generasjon, er ein visjon som kan bli røyndom. Om dette ikkje skjer, er vi redde for at mykje vil gå tapt.

1.2.3 Oppfølgingspunkt frå handlingsdelen (Riksantikvaren)

- Planfaglig oppfølging; retningslinjer, bestemmelser
- Regulering til vern i reguleringsplan eller kommuneplanens arealdel (hensynssoner) mv.
- Saksbehandling og samarbeid i kommunen; byggesak, skole, helse, friluftsliv, landbruk mv.
- Formidling; skilting, skjøtsel, tilrettelegging, reiseliv mv.
- Istandsetting; søknader Kulturminnefondet
- Samarbeid med lag og organisasjonar; historielag, museer, skole/DKS
- Ulike former for bruk; offentlege bygningar og arealar
- ROS-analyse for å møte klimaendringar; ved behov
- Videre registrering; supplering kunnskap; registrering av krigsminner, utlør.
- Oppdatering og/eller klassifisering av SEFRAK mv.
- Konkrete tiltak knyttet til spesifikke kulturminner, bygningar eller kulturmiljøer
- Byggeskikkveileder
- Kommunal støtteordning for verneverdige bygningar/kulturminner
- Opprette/videreføre kulturvernpris
- Unnta verneverdige bygg for eiendomsskatt

2. Fjørtoft.

Omfattar g.nr. 3 Fjørtoft og g.nr. 4 Otterlei

2.1 Unik samling – unik skule gbnr. 4/15



*Minnestein over Henning Abelseth *Petter Dyrkorn laga kopiar av steinalderreidskaper. * Steinsamling Otterlei Skule

Namn: Petter Dyrkornsamlinga og Otterlei skule, kulturminne nr. 1

Merknader:

Unik samling geologiske objekt med stort potensiale for kunnskap og oppleving frå ulike tidsperiodar i vår fortid i kjellaren på Otterlei skule. Skulen frå 1880-åra framstår som autentisk og er truleg den best bevarte skulen i sitt slag i Haram. Minnetavle over presten Henning Abelseth utanfor.

I et lite, privat museum i gamle Otterlei skule på Fjørtofta fins noko av det Petter Dyrkorn samla av materiale om forhistoria på øyene på nordre Sunnmøre. Steinsamlinga og kopiane av steinalderreiskap her er unik.

Kulturminnetype:

Geologi. Skulehistorie. Lokalhistorie.

Vekting:

Lokal

Datering:

Tiltak:

Vere i dialog og støtte prosjekt som dei har. Dette er eit kraftsenter for kulturminne på Fjørtoft der kan sjå fleire av kulturminna i samanheng. Andre kulturminne på Fjørtoft som det kan vere naturleg å knytte opp mot samlinga og Otterlei skule er Dysvikfunnet, Fjørtoftbåten, Vågholmbua og bryneberget m.m..

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X



Otterlei skule. Del av interiør. Eksteriør. Kulturminne nr. 1

2.2 Spor før Storeggaraset Dysvika gbnr. 4/1



Namn: Dysvika kulturminne nr. 2

Merknader: Her er det gjort eit banebrytande steinalderfunn frå ei busetjing før Storeggaraset. Det var Petter Dyrkorn som i 1972 oppdaga den 8.000 år gamle steinalderbuplassen i Dysvika på Fjørtofta.

Kulturminnetype: Busetjing - aktivitetsområde

Vekting: Nasjonal. Lokal

Datering: ca 6.000 f. Kr.

Tiltak: Skilting

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	

2.3 Båt frå Vikingtida gbn. 3/25



Namn: Marsteinnes, funnstad for Fjørtoftbåten kulturminne nr. 3



Merknader:

To båtrestar vart funne under nybrot i oktober 1940. I 1951 bygde Sigurd Bjørkedal ein fullskalakopi av båtene som vart gitt til Sunnmøre Museum av fiskarar i Haram.

Kulturminnetype:

Vekting:

Lokal. Regional

Datering:

860 år e.Kr. +/- 90 år.

Tiltak:

Skilting

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

2.4 Mekanisering av fisket smie og slipp gbnr. 3/20



Frå ekskursjon til Fjørtoft 1.11. 2018. Stongnessmia.

Namn: Stongnes smie og slipp. Stongasmiå. Kulturminne nr. 4

Merknader: I starten av 1900-talet vaks det fram ei mekanisk bedrift på Fjørtoft som fekk stor innverknad på mekaniseringa av fisket. Stor nytte i lokalsamfunnet med vidt spekter av tenester bedrifta kunne tilby. Dei laga semidisel på 3 hk, selt til Nogva, På det meste var her fem slippar, linespel, Stongaharpunen, motorar til bruk i landbruket m.m. Teknisk -industrielt. Maritimt. Landbruk.

Kulturminnetype: Lokal.

Vekting: ca 1900-1980

Datering: 2. prioritet for Fjørtoft. Bevaring av kulturmiljøet, og registrering av objekt. Digitalisering av historia.

Tiltak:

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

2.5 Bryneberget gbnr. 3/136



Namn: Bryneberget kulturminne nr. 5

Merknader: Lett synleg og lett tilgjengeleg berg der dei skaffa seg bryne til å slipe reiskapar.

Kulturminnetype: Landbruk.

Vekting: Lokal

Datering:

Tiltak: Skilting

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	

2.6 Upprioritert liste Fjørtoft.

RD= regional delplan

- Fiskerimuseet / Vågholmbuda. Mange eigarar. Lause kulturminne. **Nr. 6**
- RD. Fjørtoft kyrkje. Kyrkjegarden / middelalderkyrkjegard.
- Krigsminne: Mine ved Fjørtoft skule
- Låna-løa (samling av gardsreiskap)
- Fjørtoftvika. Mali-buda.

- Fleire hus av typen Sunnmørsk fiskarstove Bergarden (av dei eldste husa på øya), Nystova, Nilsgaren, Guttormgarden og Gyridgarden.
- I tillegg er det fleire registrerte fornfunn i Askeladden og registreringar i SEFRAK som ikkje vi tar med her. Vi har også tenkt at

fortøyningspullertar skulle med i planen.

3. Flemsøy/Skuløy

Omfattar g.nr. 5 Uri, g.nr. 6 Nogva, g.nr. 7 Rogne, G. nr. 8 Longva og g.nr. 9 Flem.



3.1 Gunnabuda- Fiskerihistorie gbnr. 8/7



Namn:	Gunnabuda kulturminne nr. 7
Merknader:	Store delar av det som i dag er Gunnabuda stor opprinnelig på Valderøya. Navnet var då «Pebuda». Det opprinnelige bygget vart oppført det i 1916 med tanke på sildesalting og klippfiskproduksjon. I 1937 kjøpte Johan Longva anlegget og flytta bygget heim til Longva. Her vart buda oppført med ein ekstra etasje og teken i bruk til fiskeforedling og skalldyrhermetikk.
Kulturminnetype:	Kystkultur, fiskeri og industri
Vekting:	Lokal
Datering:	1900-tal til i dag
Tiltak:	Gunnabuda blir brukt i dag til turisme. Kulturminna blir ivaretatt og formidla. Vi ønsker at kulturminna blir haldt ved like og at formidlinga kan fortsette slik som i dag.
Gjennomføringstidspunkt:	Kontinuerlig

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

3.2 Minnestein-Fiskeri gbnr. 8/7



Foto lån frå Harald B Harams bok Mitt folk ved havet

Namn: Minnestein over Thomas Longva (1589-1681) kulturminne nr. 8

Merknader: Det var han som etter segna fann Storegga, sunnmøringane sitt skattkammer. Betydninga av dette fisket er uvurderleg i ei lang historisk periode, og storeggfisket har vore den sikraste drifta frå hans tid til i dag. Jf. Hans Strøm (ca 1760) «..at holde ham for å være den første oppfinder af det fordelaktige fiskeri på Storeggen skjønt andre påstår det er ældre». Den første fabrikktrålarer i landet heitte Longva.

Kulturminnetype: Minnestein med minneplate. Kystkultur. Fiskerihistorie. Maritim historie.

Vekting: Lokal

Datering: 1600-tal til i dag

Tiltak: Objekt som kan leggst inn i kulturminnestiar, Stikk Ut-turar m.m., turistbrosjyrer. Kan ha skilting med digitale løysingar.

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

3.3 Samfunnsrefsar og reformator gbnr. 6/3 i byte med 6/4



Namn: Minnestein over Olaus Fjørtoft, kulturminne nr. 9

Merknader: Olaus Fjørtoft, samfunnsrefsar, forfattar, journalist og politkar. Store matematiske evner, lærebokforfattar, og m.a. skal vere rekna som ein av stiftarane til Arbeidarpartiet. Har veg oppattkalla etter seg. Journalist, publisist og politisk agitator, heiter det i Norsk Biografisk leksikon. «Olaus Johannes Fjørtoft var den mest radikale publisisten og politiske agitatoren i Christiania i første delen av 1870-åra», skriv dei.

Kulturminnetype: Minnestein

Vekting: Lokal

Datering: Uviss

Tiltak: Objekt som kan leggst inn i kulturminnestiar, Stikk Ut-turar m.m., analoge eller digitale turistbrosjyrer. Kan ha skilting med digitale løysingar.

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplivingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

3.4 Ungdomslaget Fram gbnr. 7/36



Namn: UL Fram og Framtun kulturminne nr.10

Merknader: . Ungdomslaget Fram er skipa 1891 og huset deira Framtun (1959) representerer ei ubroten linje frå starten av ungdomsrørsla på øyane og fram til i dag. Arbeidet deira fekk Fylkeskulturprisen i 2013. Kulturhistorie.

Kulturminnetype: Kulturhistorie.

Vekting: Lokal

Datering:

Tiltak: Bør bevarast ut frå plan- og bygningslova. Formidling av lokal ungdomslagshistorie bør kunne synleggjerast. Kanskje eit eige teaterstykk?

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplivingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

3.5 Andre minne på Flemsøy/Skuløy

Liste over andre innkomne tips. RD= regional delplan for kulturminne:

- Samlinga hans Oddvin Longva av reiskap knytt til fiske og maritim industri. Gbnr. 8/140, **Nr.11**
- Den gamle busetjinga i Støene, med murar til møbelfabrikk.
- Geita ytst på Flem
- Bautastein attmed Løa i Hildregarden på Flem over den eldste busetjinga på Flem med klyngetun. På inskripsjonen står «Her stod i lange rader, - dei gamle ættarstadar.»
- Bauta over Anton Flem «som kledde fjellet».
- Kvernhuset i Larselva på Rogne.
- Gravhaugar på Longva
- Meieri ved elva ved Peder Rogne.
- Gamleskulen på Flem.
- RD. Rogne Mølle, ei av åtte bevarte bygdemøller i M og R.
- Urakøyla gnr. 5. Første busetjing i ura. Svært gamal. To bruk på 1600-talet. Sørpeskred ca 1700 førte til fråflytting. Ma. Fortølingspålar for skip. **Nr. 12**

4 Haramsøy

Omfattar g.nr. 10 Ulla, g.nr. 11 Austnes, G.nr. 12 Myskja, g.nr. 13 Åkre og g.nr. 14 Haram

4.1 Ulla



Namn: **Ullanausta, kulturmiljøet på Ulla, handelsstaden Ullahammaren, Ulla fyrstasjon. Kulturminne nr. 13 og 14**

Merknader: Nausta og kulturmiljøet er begge regulert til bevaring, og er med i regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi. Ullahammaren er reguleringsbevart handelsstad som ein del av kulturmiljøet på Ulla. Fyret er frå 1800-talet tredje kvartal, og er vedtaksfreda etter kulturminnelova. Naustrekkja er ei omfattande naustrekkje med til dels store grindnaust. Ulla er eit av dei viktigste kulturmiljøa på kysten i Møre og Romsdal med mange element som kulturlandskap, fyr, naustrekkje, handelsstad og gardstun.

Kulturminnetype: Kystkultur.
Vekting: Nasjonal, regional og lokal
Datering:
Tiltak: Omsynssone/ vernesone. Bør inn på kulturhistoriske landskap av nasjonal KULA i Møre og Romsdal. Dette bør i første rekke vere med i den nye arealplanen. Registrering og dokumentasjon.

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

4.2 Orgelfabrikk gbnr.11/399



Namn: Vestres orgel- og pianofabrikk, kulturminne nr. 15

Merknader: Vestres orgel og pianofabrikk blei etablert av Ludvig Vestre i 1888. Sidan 1885 hadde han bygt nokre få trøorgel. Opprinneleg bygde Vestres orgelfabrikk kun trøorgel, men utvida seinere produksjonen også med pipeorgel, samt nokre få piano på 1940- og 50-tallet. Harmoniumproduksjonen tok slutt rundt 1970. Då var det totalt produsert ca. 10 000 instrument. Etter dette var det kyrkjeorgel som blei produsert. Firmaet slutta i 1982. Det hastar med å sikre minne etter denne industriproduksjonen.

Kulturminnetype: Teknisk-industrielt. Kulturhistorie.
Vekting: Lokalt
Datering: 1880-1980
Tiltak: Registrering og dokumentasjon. Skilting. Ev bygdemuseum eller inn i det samlande museet for Haram.

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	

4.3 Kyrkjehistorisk

4.3.1 Haram Kyrkje gbnr. 11/82 og 195



Namn: Haram kyrkje på Austnes, kulturminne nr. 16

Merknader: Kyrkja på Austnes er verna med nasjonal verdi. Åttetalskyrkje frå andre kvartal av 1800-talet. Kyrkjerommet er prega av Lars Osas rike og gjennomgåande dekor frå 1911.

Kulturminnetype: Kyrkjehistorisk.

Vekting: Nasjonal. Lokal.

Datering: 1838

Tiltak: I samarbeid med Haram kyrkjelege fellesråd.

Gjennomføringstidspunkt:

Kunnskapsverdi	Opplevingsverdi	Bruksverdi	Gjennomgripande
X	X	X	X

4.3.2 Kyrkjestad Gnr.14

Namn: Gamle kyrkjestaden på Haram, kulturminne nr. 17

Merknader: Dette er Tusenårsstaden på øya. Automatisk freda. Her har det truleg frå middelalderen stått ei stavkyrkje. Kanskje kunne ei slik byggast opp att? På same staden er det betydelege fornfunn. I regional delplan har kyrkjestaden nasjonal verdi.

Kulturminnetype: Kyrkjehistorisk.

Vekting: Nasjonal. Lokal.

Datering: Middelalder. Mellomalder

Tiltak: Registrering. Dokumentasjon, Skilting og bevaring av gravstøtter. På Tusenårsstaden bør det vere off. vedlikehald i samarbeid med frivillige, som bygdelag, velforeining, sokneråd og liknande.

4.4 Andre tips på Haramsøy

1. Torvtaking på Haramsfjellet. Løypestreng til å frakte det ned er framleis synleg.
2. Bauta over flygarane som omkom på Haramsfjellet i 1944..
3. Ulukker. Det har vore mange triste ulukker både i Haramsfjorden og Nogvafjorden. Høge fjell gir kastevindar som kanskje gjorde seglbåtane vanskeleg å manøvrere. Dette er ein stor del av historia på kysten i Haram. Dette bør minnast på ein eller annan måte.

5. Lepsøy.

Omfattar g. nr. 15 Hellevik, g.nr. 16 Sæth, g.nr. 17 Kjerstad, g.nr. 18 Farstad, g.nr. 19 Rønstad og g.nr. 20 Lausund. G. nr. 21 Lauka også medtatt.

5.1. Kultursti



Namn: Kulturstien på Lepsøya kulturminne nr. 18 (a-w)

Merknader:

